

MISJONSHØGSKOLEN

«JA!» ELLER «NEI!» TIL *EIT JA?*

TEOLOGISK VEKTLEGGING I UNDERVISNINGMATERIELL FOR
UNGE VAKSNE SOM YNSKJER DÅP I DEN NORSKE KYRKJA,
MED SÆRSKILT FOKUS PÅ PAUL LEER-SALVESENS *EIT JA.*

MASTEROPPGÅVE I TEOLOGI

30-MOPG

AV

RAGNHILD LAKANG NORDMARK DUE

STAVANGER

NOVEMBER 2012

INNHOLD

Innhald.....	2
Kapittel 1 Innleiing	5
1.1 Tema.....	5
1.2 Kva handlar oppgåva om?.....	6
1.3 Oppgåva sitt formål.....	7
Kapittel 2 Presentasjon av luthersk dåpsteologi.....	9
Kapittel 2	9
2.1 Innleiing	9
2.2 Apostolicum, Textus receptus, T	9
2.2.1 Bakgrunn	9
2.2.2 Innhald.....	10
2.3 Nicaenum, den nicæno-constantinopolitanske truvedkjeninga, NC	10
2.3.1 Bakgrunn	10
2.3.2 Innhald.....	11
2.4 Athanasianum, den athanasianske truvedkjeninga, Symbolum Quicunque, Q	12
2.5 Confessio Augustana, Den augsburgske vedkjeninga, CA	14
2.5.1 Kontekst.....	14
2.5.2 Innhald i artiklane som omhandlar dåpen	15
2.6 Luthers vesle katekisme, LK	13
2.6.1 Kontekst.....	13
2.7 Kva seier luthersk dåpsteologi om dei tema <i>Eit ja</i> tek opp?	14
2.7.1 Første møte	14
2.7.2 Kyrkja.....	18
2.7.3 Innhald.....	18
2.7.4 Dåpen som ny fødsel	19
2.7.5 Opplæring	20
2.7.6 Val	20
2.7.7 Forsakinga og trua	20
2.7.8 Kva gjer og gir dåpen?	21
2.7.9 Samhørighet.....	22
2.7.10 Livet i dåpen.....	22
2.8 Luthers innleggande	24
Kapittel 3 Presentasjon av Leer-Salvesens <i>Eit ja</i>	26
Kapittel 3	26

3.1	Innleiing	26
3.2	<i>Eit ja</i>	28
3.2.1	Innleiing: Til deg som les denne boka.....	28
3.2.2	Kapittel ein: Guds hus	28
3.2.3	Kapittel to: Den første kristne kyrkja	28
3.2.4	Kapittel tre: Fadrane	29
3.2.5	Kapittel fire: Vil du?.....	30
3.2.6	Kapittel fem: Forsakinga og trua	31
3.2.7	Kapittel seks: Del i ein siger.....	32
3.2.8	Kapittel sju: Krossen	32
3.2.9	Kapittel åtte: Ditt namn og Guds namn	33
3.2.10	Kapittel ni: Inn i kyrkjelyden	33
3.3	Oppsummering	34
Kapittel 4 Guds barn i dåpen?		37
	Kapittel 4	37
4.1	Innleiing	37
4.2	Folkekyrkja og stadfortredande tru	38
4.2.1	Oppsummering	40
4.3	Skriftsyn, bibelbruk og gudsbilete	40
4.3.1	Skriftsyn	41
4.3.2	Bibelbruk	42
4.3.3	Gudsbilete	45
4.3.4	Oppsummering	47
4.4	Trua sine kjerneord.....	48
4.4.1	Nåde.....	49
4.4.2	Frelse	50
4.4.3	Synd.....	51
4.4.4	Oppsummering	52
4.5	Dåpen som teikn.....	52
4.5.1	Oppsummering	54
4.6	Kontekstualisering og grafisk design	54
4.6.1	Oppsummering	56
4.7	Konklusjon	56
Kapittel 5 «Ja!» eller «Nei!» til <i>Eit ja?</i>		58
Kapittel 5		58
5.1	Innleiing	58
5.1.1	Oppsummering av arbeidet.....	58

5.1.2	Metodistisk dåpsteologi.....	59
5.1.3	Guds barn i dåpen	60
5.1.4	Er Eit ja dekkande som undervisningsmateriale ved undervisning om dåp for unge vaksne?	60
5.1.5	Når Leer-Salvesen målet sitt?.....	61
5.1.6	Mogeleg vidareføring av dette arbeidet.....	61
5.2	«Ja!» eller «Nei!» til <i>Eit ja?</i>	64
	Bibliografi	66

Kapittel 1

INNLEIING

1.1 Tema

I denne oppgåva vil eg sjå nærmere på dåpsteologi og dåpsopplæring i Den norske kyrkja. Nærare bestemt så vil eg vil fokusere på Paul Leer-Salvesen sitt hefte *Eit ja*¹ og sjå på innhaldet i det i lys av klassisk luthersk dåpsteologi slik vi finn den i vedkjenningsskriftene åt Den norske kyrkja (Dnk).

Eit ja er eit undervisningshefte som er utarbeidd av Leer-Salvesen etter oppmoding frå IKO-forlaget. Det er meint til bruk i undervisning av unge vaksne som ynskjer dåp i Dnk, og kom ut i 2002. Den forheld seg til og nyttar Den norske kyrkja (Dnk) sin dåpsliturgi av 1977 som ein del av undervisningsmaterialet. Sjølv om ny dåpsliturgi for Dnk vart vedteken i 2011 og per 2012 er teken i bruk i kyrkjelydane til Dnk, vert *Eit ja* mange stader fortsatt nytt i denne type dåpsundervisning. Eg antar at dette er dels av gamal vane og dels i mangel på nytt materiale som er tilrettelagt for den nye dåpsliturgien. Difor ser eg det som relevant å sjå nøyare på dette vesle heftet og vurdere innhaldet i forhold til luthersk dåpsteologi, då det er det einaste heftet i sitt slag å få tak i til dåpsopplæring av unge vaksne i dag.²

I den lutherske kyrkja i Noreg er det mange fleire vaksne som vert døypte kvart år enn det ein kanskje skulle tru, om lag 1400 konfirmantar³ i tillegg til andre vaksne. Alle desse har i den samanheng krav på opplæring om kva dåp er og kva dei vert døypte til. Tradisjonelt har kristendomsundervisning vore ein del av pensum i det norske skulevesenet, men dette faget har det siste halve århundret gjentekne gonger vorte endra til no å vera eit allmennutdannande religions- og etikkfag der det ikkje skal førekoma noko form for forkynning. Dermed kan det synast at den gjennomsnittlege nordmann innehavar svært lite kunnskap om kristen tru, noko som gjer at mange dåpskandidatar i svært liten grad veit kva dei går til når dei melder seg til dåp i Den norske kyrkja.

I denne samanhengen er Paul Leer-Salvesen sitt hefte *Eit ja*, skrive i 2002 på oppmoding av IKO-forlaget⁴, mykje nytt til utdeling til unge vaksne dåpskandidatar, til dømes og hovudsakleg til konfirmantar. Boka sjølv seier at den er skriven for den som tenkjer

¹ Paul Leer-Salvesen, *Eit ja* (Oslo: IKO-Forlaget 2002).

² Eg ser då bort frå heftet som er laga til bruk i undervisning ved dåp av innvandrarar. Geir Sakseid, *INN i Guds familie: Et studieopplegg for vaksne innvandrere som ønsker dåp*. (Oslo: IKO-forlaget 2009).

³ Den norske kirke, «Dåp», tilgjengelig på www.konfirmant.no/dåp, vitja 26.11.12.

⁴ E-post motteke frå Leer-Salvesen 20.08.12.

på å verta døypt, og inneholder dåpsliturgien (1977) og basisundervisning om kyrkja, dåpen og den kristne tru.

Eg ynskjer å gå i djupna på *Eit ja* og sjå på korleis undervisninga i dette heftet er lagt fram, for så å kunne vurdera i kva grad dette stemmer overeins med i luthersk dåpsteologi lik vi finn den i vedkjenningskriftene åt Dnk. Vidare vil eg drøfte i kva grad den, forutsett at den vert utdelt i forkant av dåp og som einaste undervisningsmateriell, gjev dåpskandidaten ei fyldig nok innføring i kva dåpen er og gjer, til at nokon vil kunna ta eit kvalifisert val om dei faktisk ynskjer dåp i den kristne kyrkja.

1.2 Kva handlar oppgåva om?

Vedkjenningsgrunnlaget til Den norske kyrkja er Den apostoliske truvedkjenningskriftet (Apostolicum, T), Den Nikenske truvedkjenningskriftet (Nicaenum/Nicaenum-Constantinopolitanis, NC), Den Athanasianske truvedkjenningskriftet (Athanasianum, Q), Den Augsburgske vedkjenningskriftet (Confessio Augustana, CA) og Luthers vesle katekisme⁵, og det er då desse, så vidt eg kan skjøna, som nødvendigvis må ligge til grunn for opplæringa som vert gjeven i samband med dåp i Dnk, anten denne kjem før eller etter dåp. Når nokon som er religiøst myndig sjølv vel å lata seg døypa i Den norske kyrkja (Dnk), sluttar han eller ho seg til det trusgrunnlaget som kyrkja bygger på. Og er det då ikkje å kunna forventa at dåpskandidaten har eller får ei viss kjennskap kva dåpen inneber på bakgrunn av kva som står i til desse? Luther har svaret på dette spørsmålet i sin store katekisme: «... de to sakramentene som er innstiftet av Kristus. En kristen må i hvert fall ha en kort innføring i dem. For uten dem kan ingen være en kristen.»⁶ Og vedkjenningskriftene er staden å finne denne kjennskapen.

Det kan verka som om kunnskapsnivået når det gjeld kristen tru i Noreg i dag er lågt og det er mange såkalla tradisjondøypte kristne, i den tydinga at dåp er meir ei eingongshending, ei tradisjonell overgangsrite, enn eit livsval, noko som får konsekvensar for heile livet. Mange vaksne dåpskandidatar har difor lita eller inga kunnskap om kva dei går til når dei vel dåp. Mange ungdomar i konfirmasjonsalder, for eksempel, vil eg tru at oppfattar dåp kunn som eit kriterium for konfirmasjon. Og eg trur, sjølv om eg ikkje har skriftleg dekning for å hevde dette, at mange av dei udøypte konfirmantane i utgangspunktet ynskjer

⁵ Den norske kirke, «Evangelisk-luthersk troslære», <http://www.kirken.no/?event=doLink&famID=229>. Vitja 26.11.12

⁶ Jens Olav Mæland, red. *Konkordieboken: Den evangelisk-lutherske kirkes bekjennelsesskrifter: ny norsk oversettelse*. (3. oppl. Oslo: Lunde, 2006. Først utgitt 1985), 365.

dåp hovudsakleg for å fylla det manglande kriteriet for den overgangsrita konfirmasjonen for mange er i Noreg i dag. Men er dette i så fall noko som minskar kravet deira til rett og tydeleg dåpsopplæring? Nei, i ingen grad, eg vil seja at det heller er omvendt. Kyrkja skylder desse å visa dei kva det er dei har vald. Kva det er dei vel å slutta seg til. Kva det er "dåpen tilsier og gir"⁷, kva dei gjennom dåpen får del i, og slik vise dei det heile og fulle innhaldet i valet dei har teke.

Etter mi meinung burde Dnk sitt dåpsopplæringsmaterell, også kalla trusopplæring, bygga på dei fem før nemnde vedkjenningskriftene. Gjer den det kan ein i den lutherske kyrkja med stort frimod undervisa i fylge læra i dette. I møte med menneske må Dnk, lik alle andre som driv kristen forkynning og undervisning, legge undervisninga til rette for den målgruppa det til ei kvar tid ynskjer å nå, og i den samanhengen er kontekstualisering eit nøkkelord. Dåpsopplæring må nødvendigvis stadig tilpassast nye tider og nye generasjonar, og det kan hende at theologiske strømmingar i tida og hensynet til målgruppa gjer at innhaldet får både bevisste og ubevisste theologiske slagsider.

I fylge luthersk teologi er dåpen det berande og kanskje viktigaste sakramentet i ein kristen sitt liv⁸, og ikkje noko som skal takast lett på. Dåpskandidaten har krav på å vite kva han eller ho går til ved val av dåp, og kyrkja skylder dåpskandidaten å gje dåpsopplæring som gjev ei riktig og ikkje fordrei framstilling av den trua han eller ho vert døypt til. Eg meiner difor at det er viktig å undersøke innhaldet i undervisningsverktøyet, slik at dette kan vurderast med henblikk på om det lærer rett om det som det skal undervisa om.

Difor har eg sett meg føre å i denne oppgåva svara på fylgjande spørsmål: Er *Eit ja* theologisk og innhaldsmessig dekkjande som undervisningsmateriell ved undervisning om dåp for unge vaksne?

1.3 Oppgåva sitt formål

Om det vesle heftet *Eit ja* kanskje er det einaste materialet som vert nytta til opplæring av dåpskandidaten, meiner eg det er viktig at det han eller ho vert presentert for ikkje berre er rett lære etter luthersk dåpsteologi, men og er så utfyllande at ein etter å ha lest heftet veit kva ein vel å verta døypt til.

Uttrykket «å bli Guds barn i dåpen» er eit kjerneuttrykk i luthersk dåpsteologi. Den lutherske teologi si sakmentale forståing av dåpen tyder at denne er staden der Gud etterføder oss og av sin nåde gjer oss til sine born, uavhengig av ytre føresetnader og vår

⁷ Mæland, *Konkordieboken*, 369.

⁸ Mæland, *Konkordieboken*, 366.

medverking. Difor er Leer-Salvesen si forståing av dette uttrykket sterkt teologisk definerande for hans teologi, og som konsekvens av det også undervisninga han gjev i *Eit ja*. Og etter mitt syn ein ypperleg stad å byrje for å få oversikt over om dåpsopplæringa i *Eit ja* er tenleg for målgruppa.

I mitt arbeid føreset eg at undervisninga vert gjeven i forkant av dåp slik det er vanleg når religiøst myndige og store born vert døypte i Den norske kyrkja. Å velja å verta døypt er eit val som vil, og i fylgje luthersk teologi bør, påverka livet eins. Difor ynskjer eg for dåpskandidaten at han eller ho kan føle seg trygg på den informasjonen og undervisninga dei får i forkant av dåpen. At den er riktig, utfyllande og ikkje utelet noko viktig.

Eg vil løyse denne oppgåva ved å i kapittel to byrje med å presentere luthersk dåpsteologi slik vi finn den i Dnk sine vedkjenningskrifter. Deretter, i kapittel tre, vil eg presentere innhaldet i Paul Leer-Salvesen sitt *Eit ja*. I kapittel fire vil eg drøfte eventuelle innvendingar eg skulle finna til innhaldet i *Eit ja* i lys av luthersk dåpsteologi ved hjelp av spørsmålet: korleis forstår Leer-Salvesen uttrykket «å bli Guds barn i dåpen»? I kapittel fem vil eg hovudsakleg oppsummere det arbeidet eg har gjort i løpet av oppgåva, men eg har i tillegg sett av plass til å trekke mine eigne konklusjonar og å lufte mine eigne tankar rundt arbeidet mitt med *Eit ja*, og til å koma med forslag til korleis ein burde arbeide med eit eventuelt nytt undervisningshefte, om det skulle visa seg å vera behov for det.

KAPITTEL 2

PRESENTASJON AV LUTHERSK DÅPSTEOLOGI

2.1 Innleiing

I dette kapittelet vil eg legge fram dåpsteologien til Den norske kyrkja (Dnk) slik me finn den i Dnk sine vedkjenningsskrifter. Arbeidet er todelt. Fyrst vil eg presentere og gje litt bakgrunnsinformasjon om desse vedkjenningsskriftene, samt presentere kva dei forskjellege seier om dåpen. Deretter vil eg gje ei kort tematisk oversikt over luthersk dåpsteologi. Eg har vald å gjere dette ved å ta utgangspunkt i strukturen i *Eit ja*⁹. Ved å tematisere innhaldet i kapittelet på denne måten vonar eg å legge stoffet til rette for den vidare drøftinga i kapittel tre der eg vil ta føre eg forholdet mellom Dnk si dåpsslære og dåpsslæra som Leer-Salvesen legg fram i *Eit ja*.

Eg har vald å nytte forkortingane for namna på vedkjenningsskriftene slik dei er nytta i Brunvolls *Den norske kirkes bekjennelsesskrifter*¹⁰, og vedkjenningsskriftene vert siterte på bokmål. Ved sitat frå vedkjenningsskriftene, vil eg nytta teksten i Brunvoll Der det i oppgåva er sitert frå Bibelen nyttar eg gjennom heile oppgåva Bibelen 2011 i nynorsk språkdrakt.

2.2 Apostolicum, Textus receptus, T

2.2.1 Bakgrunn

Allereie i Det nye testamente finn me konkrete trusformlar¹¹. Om det fantes noko meir utfyllande vedkjemningsformular i urkyrkja er vanskeleg å seie noko om¹², men at dei forskjellege kyrkjelydane alle har hatt trusformular som har variert i form men har hatt same innhald, finn eg ikkje usannsynleg. Den gamalromerske vedkjenninga, Romanum (R) som hører heime i vestkyrkja er eit døme på eit slikt geografisk betinga trusformular. R har ein firedelt vedkjemningsformel, og denne formelen meiner Brunvoll ligg til grunn for struktureringa av seinare vedkjemningsformlar.¹³ Den kan sporast tilbake til år 140 anten i

⁹ Leer-Salvesen har lagt opp innhaldet i heftet slik at det let dåpskandidaten få ei omvising i gudstenesta, frå det første møtet ved inngangen til kyrkja og til ho vert sendt ut i det nye livet i dåpen.

¹⁰ Arve Brunvoll, *Den norske kirkes bekjennelsesskrifter: Ny oversettelse med innledning og noter ved Arve Brunvoll* (Oslo: Lunde forlag 2010. Første gang utgitt i 1972).

¹¹ Eksempelvis 1. Kor. 8,6, 1.Kor. 12,3, Rom. 10,9, 2.Tim. 4,1 og Matt. 16,16.

¹² Brunvoll, *Den norske kirkes bekjennelsesskrifter*, 18.

¹³ Dei fyrste tre delane tek for seg dei tre delane i treeininga, den fjerde seier noko om kyrkja og det kristnelivet.

den forma me har den no eller i ei nært beslektet form¹⁴ og er forløparen til Apostolicum (T) slik me kjenner den i dag. Den finns på både gresk og latin, men gresk var nok det opprinnelige språket, fra den tida då dei framleis hadde gresk som språk i kyrkjelyden i Rom.¹⁵ Brunvoll fortel at T, om lag slik me har den i dag, kan sporast så langt tilbake som til år 400, og T slik me kjenner den i dag, kan sporast tilbake til midt på 700-talet.¹⁶

2.2.2 Innhold

T talar om "... en hellig, alminnelig kirke, de helliges samfunn, syndenes forlatelse, ..." Den latinske teksten til T talar om (*credo in*) *sanctorum communio*¹⁷, norsk tekst: de helliges samfunn. Brunvoll meiner dette bør kunna oversetjast med "hopehav (å ha noko i hop, i lag, saman, i fellesskap) med de hellige"¹⁸, nemleg å ha felles del i dei heilage ting, i sakramenta.¹⁹

Dåpen er ikkje spesifikt nemnt i T, men den kristne kyrkja lærer at dåpen gjev forlating for syndene, *remissio peccatorum*.²⁰ Eg meiner difor at me her kan me trekke den slutninga at uttrykket syndenes forlatelse nettopp peikar på det som skjer i dåpen.

2.3 Nicaenum, den nicæno-constantinopolitanske truedkjennings, NC

2.3.1 Bakgrunn

Nicaenum (NC), eigentleg Nicaenum Constantinopolitanum, som går tilbake til første del av 300-talet. NC er den einaste verkeleg økumeniske symbolet me har, i det at det vert nytta både av aust- og vestkyrkja²¹, sjølv om det vart endeleg vedteke på eit konsil der berre austkyrkja var representert.

Brunvoll (2010) viser i kapitlet om NC til Molland (1961) og det me kan kalla ein austkyrkjeleg vedkjenningsstype. Denne er basert på 1.Kor. 8,6 og har sidan vorte utvida

¹⁴ Brunvoll, *Den norske kirkes bekjennelsesskrifter*, 18.

¹⁵ Brunvoll, *Den norske kirkes bekjennelsesskrifter*, 18.

¹⁶ Brunvoll, *Den norske kirkes bekjennelsesskrifter*, 17.

¹⁷ Den katolske kyrkja, «Articulus 2 Credimus» i *Catechismus Catholicae Ecclesiae* på internett, tilgjengeleg på http://www.vatican.va/archive/catechism_lt/p1s1c3a2_lt.htm, vitja 28.11.12.

¹⁸ Brunvoll, *Den norske kirkes bekjennelsesskrifter*, 19.

¹⁹ Brunvoll, *Den norske kirkes bekjennelsesskrifter*, 19.

²⁰ Brunvoll, *Den norske kirkes bekjennelsesskrifter*, 130.

²¹ Davies, *The Seven Ecumenical Councils (325-787). Their History and Theology*, (Wilmington, Del., 1987), 119ff, sitert i Oskar Skarsaune, *Troens ord: De tre oldkirkelige bekjennelsene*, (Oslo: Luther forlag 1997), 186. Klart, enkelte seier seg sjølvsgatt ueinige i dette. Jamfør Davies som omtalar kyrkjemøtet i Konstantinopel som det «*Unecumenical Council of Constantinople*».

under påverknad av den trinitariske døypeformelen. Brunvoll (2010) skriv at då «fedrane» på kyrkjemøtet i Nicæa i år 325 skulle avvise Arius si lære, tok dei utgangspunktet i ein vedkjenningsformel som allereie var i bruk i austkyrkja, truleg den frå kyrkjelyden i Jerusalem²², då dei forfatta Nicaenum (N). Skarsaune held fram det same og meiner meir spesifikt å sjå vedkjenningsformelen som vart nytta i kyrkjelyden i Jerusalem under biskop Kyrill, som grunnlaget for og forløparen til N²³ som vart vedteke i Nicæa i 325. N vart til som ein motreaksjon til Arianismen, ei vranglære om kyrkja sin kristologi som hevda at Sonen var skapning og ikkje av same *vesen* som faderen. Vidare vart NC, med utvidinga av artikkel tre, vedteke sekstiseks år seinare, i Konstantinopel i 381, vel å merke etter fleire konsil og stadig pågåande diskusjonar biskopane imellom, og gav den endelege avvisinga av Arius si lære då den vedtok at Sonen var «av Faderens vesen» (homousios) og at Anden går ut frå Faderen og Sonen (filioque).

2.3.2 Innhold

Der R implisitt refererer til dåpen i punktet om forlating for syndene, talar NC eksplisitt om éin dåp til forlating for syndene.²⁴ Den austkyrkjelege vedkjenningsformelen nemner derimot eksplisitt dåpen og at denne verkar forlating for syndene, og Skarsaune (1972) meiner dette skriv seg frå Ef. 4,4-6²⁵ som talar om «éi von ... éin Herre, éi tru, éin dåp ...». Punktet om dåpen kjem som ein eigen del av vedkjenningsformelen etter utsegna om den treeinige Gud, den Gud hvis namn ein døyper til eller i.

NC er ei økumenisk truedkjennung i det at den vert nytta både av aust- og vestkyrkja, sjølv om det er ein liten men teologisk signifikant variasjon i teksten om tredje artikkel²⁶. At den fortsatt vert nytta som dåps-, lære- og messesymbol i begge kyrkjene, bekreftar etter mi meinung at Luther har eit poeng når han i si store katekisme²⁷ peiker på dåpen som det som bind alle kristne saman. Ein kan vera ueinige om kor vidt Den heilage ande går ut frå Faderen og Sonen, eller berre frå Faderen, men det er denne treeinige Gud me trur på, det er den treeinige Gud me vert døypt til, og det er den treeinige Gud som handlar.

²² Brunvoll, *Den norske kirkes bekjennelsesskrifter*, 118.

²³ Skarsaune, *Troens ord: De tre oldkirkelige bekjennelsene*, 152.

²⁴ Skarsaune, *Troens ord: De tre oldkirkelige bekjennelsene*, 204.

²⁵ Skarsaune, *Troens ord: De tre oldkirkelige bekjennelsene*, 204.

²⁶ Brunvoll, *Den norske kirkes bekjennelsesskrifter*, 22-24. Jamfør filioquestriden.

²⁷ Mæland, *Konkordieboken*, 2006:368.

Det er verd å merka seg fordelinga av innhaldet i NC. Den består av fire delar. Dei tre fyriste omhandlar Guds tre personar og den fjerde og siste kyrkja, dåpen og håpet. Innhaldet er derimot skeivt fordelt i det at delane om Faderen, Den heilage ande og kyrkja, dåpen og håpet kunn er korte og konsise avsnitt med sparsam ordlyd. Del to om sonen utgjer derimot vel to tredjedelar av teksten, dette då konsila i Nicaea og Konstantinopel imøtegjekk den før nemnte Arianismen og utvida andre trusartikkel for ein gong for alle å slå fast den rette læra om Sonen.

2.4 Athanasianum, den athanasianske truvedkjenninga, Symbolum Quicunque, Q

Athanasianum (Q) er, i fylgje Brunvoll (2010)²⁸, ei framstilling av den gjennomarbeidde oldkyrkjelege teologi om treininga og Kristus, og den set seg føre å avklare kva som er den rette, felleskristne²⁹ tru, den som er avgjerande for frelse og sæle. Dåpen er ikkje eksplisitt nemnt i Q, men den er tradisjonelt heller ikkje noko dåpssymbol.³⁰ Q tek ikkje for seg alle delar i den kristne tru, men nøyer seg med å vise til «den felles kristne tro³¹». Athanasius har tradisjonelt fått æra for dette symbolet, men i og med at det høyrer heime kunn i vestkyrkja, og Athanasius var biskop av Alexandria, ser eg dette som svært lite sannsynleg. Brunvoll peikar på at teologien i Q forutset den teologiske utviklinga etter Athanasius, først og fremst Ambrosius og Augustin.³² Det eldste handskriftet til Q kan sporast tilbake til om lag år 700, sjølve symbolet til om lag år 600³³.

Q inneheld ein gjennomarbeidd oldkyrkjeleg teologi om treeininga og Kristus, og den strenge ordlyden kan takast til inntekt for viktigheita av å halde seg til ei tru som er i samsvar med vedkjenningane, for det er berre denne trua som frelser. Den sterke fordømmingen av vranglære, sjølve drivkrafta bak dogmedanningsa i oldkyrkja, er meint å halde fram nettopp kor viktig det er å ha den rette tru på Kristus, for utan denne vert det ikkje noko frelsebodskap å verken tru på eller forkynne.³⁴

Q nemner som sagt ikkje dåpen eksplisitt, men slik eg forstår det, kan me rekne med at Q implisitt viser til den kristne dåpen som ein del av denne felles kristne tru, og det at han

²⁸ Brunvoll, *Den norske kirkes bekjennelsesskrifter*, 26f.

²⁹ Lat. *catholicam*.

³⁰ Brunvoll, *Den norske kirkes bekjennelsesskrifter*, 26.

³¹ Brunvoll, *Den norske kirkes bekjennelsesskrifter*, 26.

³² Brunvoll, *Den norske kirkes bekjennelsesskrifter*, 26.

³³ Brunvoll, *Den norske kirkes bekjennelsesskrifter*, 26.

³⁴ Brunvoll, *Den norske kirkes bekjennelsesskrifter*, 26.

har ein eigen kristologi tenkjer eg viser til at forfattaren står i den oldkyrkjelege tradisjonen der dåpen er uløyseleg knytt til Jesu person og verk, og der desse to heng uløyseleg saman.³⁵

2.5 Luthers vesle katekisme, LK

2.5.1 Kontekst

Kyrkja har alltid undervist dåpskandidatar og drive opplæring av barnedøypte, slik Jesus befalte det i Matt. 28, 19-20. Dei ti bod, truvedkjenninga og Fadervår har sidan oldkyrkja vore sentrale tekster i denne undervisninga³⁶. Luther skapte ikkje katekisma og katekismetradisjonen, han gjekk inn i ein allereie nesten 1500 år lang undervisningstradisjon. Men, slik Alfsvåg seier det³⁷, bidrog han gjennom si vesle katekisme og si store katekisme til å «befeste og etablere³⁸» katekismetradisjonen.

På slutten av 1520-talet føretok Luther ei visitasreise til kyrkjelydane i Sachsen og møtte då ei kyrkje med særslit kirkjelære og bibelkunnskap. I same tidsrommet held han ei rekke preiker over Dei ti bod, truvedkjenninga, Herrens bøn og sakramenta, og det er desse som resulterte i hans store katekisme. Medan han arbeidde med denne, skreiv han også si vesle katekisme som kom ut først som plakatar og deretter i bokform i 1529. Luther legg fram målet med desse skriftene i innleiingane til begge katekismane, der han begrunnar kvifor han har sett trond for desse og korleis dei skulle eller kunne nyttast. Han ynskte nemleg å hjelpe prestar og predikantar i arbeidet med undervisninga og forkynninga ved å vise dei korleis dei konkret kunne gripa det an, og han gjorde dette ved å velje ut dei viktigaste elementa i kristenlæra, forklare dei grundig ved hjelp av eit godt pedagogisk verkemiddel, og ved å gje råd til korleis dette kunne nyttast i undervisninga. Og Luthers vesle katekisme inneheld nettopp Luthers tolking og framlegging av den kristne tru og dei kristne hovudtekstane gjort tilgjengeleg for «trofaste, fromme predikanter og prester³⁹» og for vanlege folk.⁴⁰

³⁵ Edmund Schlink, *Theology of the Lutheran Confessions* (St.Louis: Concordia Publishing House, 1961), 56.

³⁶ Knut Alfsvåg, «Hovudtrekk ved menneskesynet i Luthers Lille katekisme», i *Kirkens bekjennelse i historisk og aktuelt perspektiv: Festskrift til Kjell Olav Sannes*, red. Torleiv Austad, Tormod Engelsviken og Lars Østnor, (Trondheim: Tapir akademisk forlag, 2010), 123-131.

³⁷ Alfsvåg, «Hovudtrekk ved menneskesynet i Luthers Lille katekisme», 123-131.

³⁸ Alfsvåg, «Hovudtrekk ved menneskesynet i Luthers Lille katekisme», 123-131.

³⁹ Brunvoll, Den norske kirkes bekjennelsesskrifter, 103.

⁴⁰ Brunvoll, *Den norske kirkes bekjennelsesskrifter*, 142. Jamfør. to avsnitt til «husfaren» i siste del av katekismen.

2.6 Kva seier luthersk dåpsteologi om dei tema *Eit ja tek opp?*

2.7 Confessio Augustana, Den augsburgske vedkjenninga, CA

2.7.1 Kontekst

Det dokumentet som ligg til grunn for den norske oversetjinga av CA som me har i dag, er den latinske teksten av Melanchtons tyske dokument som presenterer den evangeliske lære slik den vart lagt fram for keisaren på riksdagen i Augsburg den 25. juni 1530, og trykt opp⁴¹ i 1531, editio princeps. Keisaren skreiv ut riksdagen i 1530 med det mål å avklare dei teologiske disputane som herja landet, og samle alle fyrstane i det tyske riket, for slik å stå sterkare mot den militære trusselen frå det tyrkiske riket og islam.

Skolastikken på 14. og 15 hundreåret var prega av moralsk forfall i kyrkja⁴², og både presteskapet og munkevesenet utnytta somme stader det religiøse «overtaket» dei hadde på folket til eiga vinning. Eit resultat av dette var avlatshandelen og det sterke fokuset på bota. Geistlege selde tilgjeving og bøner for pengar, noko som ikkje berre sette folket i økonomisk uføre men og, slik Luther såg det, gav eit heilt feil bilet av Gud og Guds nåde. Det som leidde fram til keisaren sitt ynskje om og behov for i 1530 å samle fyrstane sine under ei sameina kristen tru, starta heilt konkret med at Martin Luther hengde opp dei velkjende 95 tesane mot pavens avlatshandel på kyrkjedøra i Wittenberg den 31. oktober 1517. Luther hadde ingen intensjon om at dette skulle føre til ein slik revolusjon i den romersk-katolske kyrkja, men ynskde derimot å hjelpe den etablerte kyrkja tilbake til den rette læra ved å fjerne læresetningar som var lagt til i ettertid og som ikkje stemte overeins med læra i urkyrkja. Men då tesane vart trykte opp og distribuerte over heile Tyskland, vart det dette som vart oppstarten på den reformasjonen som skulle føre til 1500-talets store splitting i Den romersk katolske kyrkja og til utviklinga av tre ulike retningar av protestantiske kyrkjer: anabaptistar, evangelisk lutherske og evangelikale.

Debatten om sakramentslæra, og i den samanheng dåpen, gjekk høgt i vestkyrkja på fyrste del av 1500-talet. Zwingli presenterte ei lære som sa at Gud formidlar Den heilage ande berre avhengande av tru og ikkje av ord og element i det at han nektar at Guds nåde kan formidlast gjennom noko lekamleg.⁴³ Den Romersk katolske kyrkja lærte at

⁴¹ Fyrste gong.

⁴² Lorentz Bergmann, *Kirke Historie: Bind 1: Indtil Reformationen. Niende ændrede udgave*, (2.oppl. København: P. Haase og Søns Forlag, 1973. Først utgitt 1908), 264.

⁴³ Leif Grane, *Confessio Augustana: Oversættelse med noter. Indførelse i den lutherske reformations hovedtanker*, (3.utg., 3.oppl. København: Gyldendal, 1976), 122.

sakmenta virka *ex opere operato*, altså ikkje uavhengig av mottakaren sin disposisjon mot dåpslovnaden, men utan kravet om det Luther kalla *fides specialis*, tru på den som lovar, og det han lovar, i dåpen. Den romersk katolske kyrkja lærte at nåden som vert formidla i sakmenta er verksam så lenge ein ikkje tek eit standpunkt mot Guds lovnader. Luther lærte at nytten i sakmentet avheng av om ein tek imot det som eit teikn og vitnesbyrd om Guds vilje mot oss, nemleg at Gud er oss nådig.⁴⁴

Teologien i skolastikken hadde som før nemnt sterkt fokus på bota, og såg denne som «den andre redningsplanken etter skipsforliset».⁴⁵ Dåpen var den fyrste redningsplanken. Den tok bort arvesynda og den gjorde ein syndfri for Gud. Bota var det som gjenninsette ein i Guds nåde etter at ein hadde synda. Luther hevda derimot at dåpen er den einaste «redningsplanken» ein treng, i det at den er gyldig og verksam heile livet igjennom, og at bota er berre ei vidareføring av dåpsnåden.

2.7.2 *Innhald i artiklane som omhandlar dåpen*

CA artikkel IX rommar tre utsegn. 1. Dåpen er nødvendig til frelse 2. Ved dåpen tilbys Guds nåde. 3. Barn bør døypast, ei avvising av gjendøyparane. I fylge Grane (1976) seier art. IX om dåpen at den einaste vegen til Guds nåde er gjennom den av Kristus befatte dåpen. Her peikar CA på dåpen som den grunnleggjane nådegjevaren i det kristne livet. Luther meinte at ein allereie i dåpen fekk del i det nye livet og at ein i dåpen vart vaska rein for Gud ein gong for alle, sjølv om synda ikkje vart sletta og teke bort frå livet til den døypte før ved døden. CA forklarar ikkje nærare kva som er meint med at dåpen er «nødvendig til frelse», men Grane (1976) meiner at dette utsagnet ut frå Luthers dåpssyn kan tolkast slik: Forlating frå syndene vert til sagt i dåpslovnaden i det at Gud bind seg til den døypte i kampen mot den synd som først ved døden vil vera heilt overvunnen.⁴⁶ Denne munnlege lovnaden om tilgjeving for syndene vert berre gjeven ved dåpen. Når me trur på Guds løfter i dåpen vil me få del i desse og verta freste, difor er dåpen nødvendig til frelse. Dåpen er ikkje berre eit ytre teikn, men bringer nåden. Den er eit nådemiddel. Del tre av art. IX fastslår at barn bør døypast slik at dei kan få del i dåpsnåden. Vidare avviser den gjenndøyparane som hevdar at barnedåpen ikkje er ein gyldig dåp og viser til artikkelen del to.⁴⁷

⁴⁴ Grane, *Confessio Augustana*, 124.

⁴⁵ Grane, *Confessio Augustana*, 85.

⁴⁶ Grane, *Confessio Augustana*, 87.

⁴⁷ Grane, *Confessio Augustana*, 80.

CA lærer at der er berre to sakramenter, nemleg dåpen og nattverden. Bota er i ei slags mellomstilling og er ikkje eit sakrament i og for seg, men ei vidareføring av dåpen. Art. XIII lærer om sakamenta at dei er innstifta ikkje berre for å vera vitnesbyrd mellom menneske, men og som teikn og vitnesbyrd om Guds vilje mot oss, framsett for å vekke og styrke trua hjå dei som bruker dei.⁴⁸ Setninga «... ikke bare skal være bekjennelsestegn mellom mennesker, ...⁴⁹» er i fylgje Grane (1976) ei avvisning av Zwinglis sakamentsoppfatning⁵⁰ som seier at dåpen og nattverden berre er menneskelege vedkjenningshandlingar. Likeeins avviser art. XIII Roms lære som seier at nåde er ein eigen størrelse som er verksam utan medverking av jordiske element. CA avviser dermed sakamentslæra til både Zwingli og Rom som opnar for mogelegheita for å lokalisere nåden «... utenfor mødet mellem Ordet og troen, ...⁵¹».

CA IX, ført i pennen av Melanchton, er påtageleg vag i ordbruken når han omtalar dåpen og dåpen sin verknad, med det mål å ta tydeleg avstand frå Zwingli sin dåpsteologi. Dette meiner Grane var grunnen til at verken dei lutherske teologane eller den romersk-katolske motparten kanskje var heilt klar over at dei her var usamde.⁵²

2.7.3 Første møte

Luthersk teologi har heile tida vorte utvikla og undervist i kyrkjelydssamanheng⁵³. Luther hadde ikkje sjølv noko ynskje om å splitte kyrkja ved å påpeike det han fann feil i teologien til den etablerte kyrkja som han opponerte mot. Det han ynskte var endring i kyrkja slik at ho kunne bestå, men med rett lære når det gjaldt m.a. dåpen, nattverden, bota, osb. Som me veit, vart det ikkje slik. Luther snakkar om kyrkja som samfunnet av dei heilage, dei som har høyrt evangeliet om Kristus forkrynt ved Den heilage ande⁵⁴. Både Luther sjølv og dei som stod rundt han heldt fast på at berre den som var retteleg kalla skulle forkynna evangeliet og forvalta sakamenta, og at dette høynde heime nettopp i samfunnet av dei heilage. I følgje Luther er kyrkjelyden ei forsamling av heilage som er kalla saman av Den heilage ande.

⁴⁸ Brunvoll, *Den norske kirkes bekjennelsesskrifter*, 51.

⁴⁹ Brunvoll, *Den norske kirkes bekjennelsesskrifter*, 51.

⁵⁰ Grane, *Confessio Augustana*, 121.

⁵¹ Grane, *Confessio Augustana*, 122.

⁵² Grane, *Confessio Augustana*, 80.

⁵³ Mæland, *Konkordieboken*, 136.

⁵⁴ Mæland, *Konkordieboken*, 347. Jamfør til dømes Luthers store katekisme, andre part, tredje artikkel.

Denne forsamlinga av heilage er dei som kjem saman under eitt hovud, Kristus, sameina i éi tru, éit sinn, éi vedkjenning⁵⁵, og éin dåp til forlating for syndene.⁵⁶

T nemner «de helliges samfunn⁵⁷», medan NC talar om kyrkja som heilag⁵⁸. Men kva er det som gjer menneska i kyrkja heilage? Sidan menneske ikkje kan gjera seg sjølve heilage, verken ved ofringar eller gode gjerningar⁵⁹, vert dåpen det berande punkt i den kristne sitt liv og det som gjev inngang til fellesskapen av dei heilage, til kristenheita (tysk Christenheit), til kyrkja.⁶⁰

Om dåpen seier CA at den vekkjer og styrker trua⁶¹ og at Ordet og sakamenta er nådemiddel som vert gjevne av Den heilage ande⁶². CA lærer og at born bør døypast for slik å kunne få del i den nåde Gud har lova oss i dåpen⁶³.

LK lærer at ein i dåpen vert fødd på ny og fornya i Den heilage ande⁶⁴, jamfør Tit. 3,5. Schlink snakkar om dåpen som «the promise of salvation, yet not only the promise»⁶⁵ og legg i det at det nye livet ikkje byrjar etter at det jordiske livet er ferdig, men der og då i den augneblinken ein vert døypt. Han skriv at etterfødinga skjer i dåpen, at her døyr det gamle mennesket og det nye mennesket oppstår. Vidare skriv han at «even though the baptized is still moving toward his temporal death, he moves as one who has already died, as one who has been liberated from death⁶⁶» og fortset med å forklara at når den døypte hastar fram i håpet til det evige livet i oppstoda, hastar han fram lik ein som allereie innehavar dette evige livet.

Slik eg forstår det, er dåpen det som helgar eit menneske, og kriteriet for å verta innlemma i kyrkja. Dette bekreftar Luther i fjerde part i store katekisme «Om dåpen», kor han seier om sakmentet dåp at det er ved den at me først vert tekne opp i kristenheita⁶⁷ .

⁵⁵ Mæland, *Konkordieboken*, 349.

⁵⁶ Mæland, *Konkordieboken*, 136.

⁵⁷ Brunvoll, *Den norske kirkes bekjennelsesskrifter*, 19.

⁵⁸ Brunvoll, *Den norske kirkes bekjennelsesskrifter*, 25.

⁵⁹ Brunvoll, *Den norske kirkes bekjennelsesskrifter*, 56.

⁶⁰ Mæland, *Konkordieboken*, 365.

⁶¹ CA art. XIII.

⁶² CA art. V.

⁶³ CA art. IX.

⁶⁴ Brunvoll, *Den norske kirkes bekjennelsesskrifter*, 131.

⁶⁵ Schlink, *Theology of the Lutheran Confessions* 150.

⁶⁶ Schlink, *Theology of the Lutheran Confessions* 151.

⁶⁷ Mæland, *Konkordieboken*, 365.

Schlink held fram det same, og seier at dåpen allereie no er den eskatologiske oppstoda frå dei døde som den lovar.⁶⁸

2.7.4 *Kyrkja*

Kva er så kyrkja? T lærer at der er berre éi kristen kyrkje. Den er alminneleg og er samfunnet av alle dei heilage, dei som har felles del i dei heilage ting⁶⁹. NC seier det same om kyrkja, nemleg at der er *ei* Kyrkje, at den er heilag og allmenn. Det kan diskuterast kor vidt NC seier at kyrkja består av dei heilage eller om den er heilag i seg sjølv, avhengig av korleis ein tolkar den latinske teksten «et unam sanctam ... ecclesiam»⁷⁰, men i denne samanhengen er dette ikkje relevant for utfallet av diskusjonen, og eg let det difor ligge.

CA lærer at kyrkja er forsamlinga av dei heilage⁷¹ der desse lærer evangeliet reint og sakramenta vert forvalta rett, og at kyrkja i eigentleg forstand er forsamlinga av dei heilage og sant truande.⁷² Den tek og opp problematikken om kor vidt sakramenta og Guds ord verkar det dei seier når desse vert formidla av vonde eller prestar som ikkje er fromme, og held fram at sakramenta er gyldig i det at det er Guds ord og befaling til, og i kyrkja som er verksame, og ikkje den som i den augneblinken tilfeldigvis forvaltar desse.⁷³

I sin LK i avsnittet «Om helligjørelsen»⁷⁴ tek Luther for seg tredje trusartikkkel i Apostolicum om Den heilage ande sine gjerningar i setninga «hele den kristne kirke på jorden⁷⁵». Slik eg skjørnar det, må Luther med «den kristne kyrkja» meine samlinga av alle dei som er døypte med den kristne dåpen med vatn i den treeinige Guds namn. Henvisninga til at Jesus skal vekke opp att dei døde og gje alle truande i Kristus eit evig liv, antek eg at henviser til frelsa ein får tilgang til i dåpen, gjev evig liv etter døden.

2.7.5 *Innhald*

LK tek som sagt føre seg dei tema Luther meinte at ein kristen trengte å kjenna til. Når det gjeld dåpen lærer han, understøtta av relevante bibelstader, at denne er vatn som helgar ved

⁶⁸ Schlink, *Theology of the Lutheran Confessions*, 151.

⁶⁹ Brunvoll, *Den norske kirkes bekjennelsesskrifter*, 19.

⁷⁰ Brunvoll, *Den norske kirkes bekjennelsesskrifter*, 19 og 25.

⁷¹ CA art. III og VII (Lat. *Congregatio sanctorum*) i Brunvoll, *Den norske kirkes bekjennelsesskrifter*, 48.

⁷² CA art. VIII i Brunvoll, *Den norske kirkes bekjennelsesskrifter*, 49.

⁷³ Brunvoll, *Den norske kirkes bekjennelsesskrifter*, 49.

⁷⁴ Brunvoll, *Den norske kirkes bekjennelsesskrifter*, 120.

⁷⁵ Brunvoll, *Den norske kirkes bekjennelsesskrifter*, 120 på tysk: "Christenheit", kristenheten, det vil seie alle dei kristne, alle dei døypte.

Guds befaling og sameina med Guds ord⁷⁶, at dette vatnet verkar forlating for syndene og frelse frå døden og djevelen, at den gjev evig sæle til den som trur⁷⁷, og at vatnet saman med Guds ord er eit nådens bad kor ein vert fødd på nytt ved Den heilage ande⁷⁸. I denne dåpen vert «gamle Adam⁷⁹» drukna ved dagleg anger og bot og døyr saman med alle våre synder og vonde lyster, og eit nytt menneske skal dagleg stige fram og leve evig for Gud i rettferd og reinleik⁸⁰.

2.7.6 Dåpen som ny fødsel

I si vesle katekisme siterer Luther Tit. 3,5 i det han forklarar samanhengen mellom ordet, trua, vatnet og Den heilage ande i dåpen,⁸¹ der står om badet som etterføder og fornyar ved Den heilage ande. CA art. II lærer om arvesynda at denne fører med seg den evige død til alle som ikkje har blitt fødde på nytt ved dåpen og Den heilage ande.⁸²

I si store katekisme under «Dåpen» utdjupar Luther dette, og seier at dåpen alltid vert ståande. Han snakkar og om å leva og veksa i det nye mennesket⁸³, noko som ikkje overraskar når ein ser på korleis Luther tolkar all kristen lære i lys av dåpen. Han legg dåpen som fundament for heile kristenlivet og hevdar at det er her ein finn nåden i si ypparste form, i det at den «river oss ut av djevelens gap, gir oss Gud til eigedom, dempar og tar bort synda –og styrker daglig det nye menneske.»⁸⁴, og samanliknar den og med ein mektig medisin som sluker døden⁸⁵. Schlink omtalar den døypte som ein som allereie har døydd og no lever det evige livet saman med Kristus⁸⁶, og hevdar og at dette gjeld både kroppen og anden då desse heng uløyseleg saman og begge vert påverka i dåpen; anden av Ordet og kroppen av vatnet.

⁷⁶ Matt. 28, 18-20.

⁷⁷ Mark. 16,16.

⁷⁸ Tit. 3,5.

⁷⁹ Store norske leksikon, «Gamle Adam», tilgjengeleg på http://snl.no/Gamle_Adam, vitja 30.11.12. Menneskets syndige natur, også brukta om utrydjelege, onde tilbøyeligheter, uttrykk som skriver seg frå eldre tyske bibeloversetjingar av f.eks. Paulus' brev til kolossarane; også brukta av Luther i hans katekisme.

⁸⁰ Brunvoll, *Den norske kirkes bekjennelsesskrifter*, 128. Rom. 6,4. Samanfatningar frå Luthers vesle katekisme.

⁸¹ Brunvoll, *Den norske kirkes bekjennelsesskrifter*, 132.

⁸² Brunvoll, *Den norske kirkes bekjennelsesskrifter*, 45.

⁸³ Mæland, *Konkordieboken*, 37.

⁸⁴ Mæland, *Konkordieboken*, 373.

⁸⁵ Mæland, *Konkordieboken*, 369.

⁸⁶ Schlink, *Theology of the Lutheran Confessions* 149.

2.7.7 Opplæring

Vedkjenningsskriftene til Den norske kyrkja er meint til opplæring, kanskje med unntak av Q, og Luthers vesle katekisme er eit konkret opplæringsverktøy til dåps- og trusopplæring⁸⁷. Med grunn i Matt. 28, 18-20 held Luther fram at prestar og predikantar skal undervise og lære opp folket, og i si vesle katekisme har han lagt fram det som etter hans mening er det viktigaste å vite for å kunne vera ein kristen. CA art. VII lærer at kyrkja er staden der evangeliet vert lært reint og sakramenta forvalta rett.⁸⁸ Den lærer også at kyrkjelege tradisjonar, og eg antar at opplæring og undervisning fell inn under dette, ikkje treng å vera einsarta i heile kyrkja, så lenge opplæringa er rein og rett.⁸⁹

2.7.8 Val

Alle fem vedkjenningsskrifta forheldt seg til døypte. To av dei tre oldkyrkjelege symbola, T og NC, er kyrkja sine dåpssymbol, nytta til opplæring av vaksne som sjølv hadde vald å verta døypte, så vel som av barnedåpskandidatar. Det tredje, Q, er i den lutherske kyrkja kunn eit læresymbol. CA er protestantane sin apologetikk for dei teologiske endringane i viktige lærespørsmål som gjorde at det vart splitting i vestkyrkja i fyrste halvdel vav 1500-talet. LK er læretekstar mynta på undervisning av allereie døypte i eit samfunn der stort sett alle var døypte som spedborn. Valet på Luther si tid handla kanskje ikkje om dåp eller ikkje dåp, men heller om leve etter kyrkja si lære eller ikkje.

2.7.9 Forsakinga og trua

I LK tek Luther for seg Fader vår slik den vert nytta både i heim og i gudstenestesamanheng. I avsnittet om den tredje bøna, «skje din vilje som i himmelen så og på jorden»⁹⁰, forklarar han at me ber Gud «bryte alle vonde planer og all vond vilje»⁹¹, altså at me ber Gud om hjelp til å forsake det vonde. T, NC og Q er formular som, med forskjellege uttrykk, eksplisitt fortel om innhaldet i den kristne trua.

⁸⁷ Jamfør innleiinga og helsinga skriven av Luther sjølv.

⁸⁸ Brunvoll, *Den norske kirkes bekjennelsesskrifter*, 48, jamfør fotnote 40: «i samsvar med det guddommelige ord».

⁸⁹ Brunvoll, *Den norske kirkes bekjennelsesskrifter*, 49.

⁹⁰ Brunvoll, *Den norske kirkes bekjennelsesskrifter*, 125.

⁹¹ Brunvoll, *Den norske kirkes bekjennelsesskrifter*, 125.

2.7.10 Kva gjer og gir dåpen?

Både T og NC talar i tredje trusartikkel om forlating for syndene⁹², og NC eksplisitt om at dåpen gjev forlating for syndene⁹³. Me kan då rekna med at dette punktet i T også viser til dåpen, nemleg vassdåpen i Den treeinige Guds namn. Q talar uhyre konkret om trua som einaste veg til frelse. Der står at «Enhver som vil bli salig, må fremfor alle ting holde fast på den felles kristne tro. Enhver som ikke bevarer denne hel og uforfalsket, vil uten tvil gå evig fortapt.⁹⁴» Deretter kjem ei oppsummering av kva denne trua er. Q har først den siterte innleiinga, deretter definerer den trua på den treeinige Gud, så Kristustrua, så til sist kjem den oppsummerande avslutninga som konkluderer med «Dette er den felles kristne tro. Den som ikke oppriktig og fast har denne tro, kan ikke bli salig.»⁹⁵ Så vidt eg skjønar ut frå språkbruken i Q må dette inkludere tru på verknaden av Guds løfter i dåpen.

CA art. II lærer at den som vert atterfødd ved dåpen og Den heilage ande kan unngå den evige død⁹⁶, og CA art. IX seier om dåpen at den er nødvendig til frelse⁹⁷. Den seier og at Guds nåde vert budt fram ved dåpen og at barna som vert døypte vert overgjevne til Gud.⁹⁸

LK, fjerde parten, spørsmål to i den norske oversetjinga av Luthers tyske tekst, og i spørsmål tre i den norske utgåva, spør: Kva gir eller gagnar dåpen?/Kva gagn har vi i dåpen?⁹⁹ På dette svarar Luther at dåpen verkar forlating for syndene, frelse frå døden og djevelen, og gjev evig sæle til alle som trur¹⁰⁰. Dette finn han heimel for i Mark. 16,16 der Jesus seier at den som trur og vert døypt skal verta säl.¹⁰¹ LK lærer og at dåpen ved Guds ord er eit nådens bad¹⁰², at den er livsens vatn¹⁰³ som verkar den nye fødsel i Den heilage ande¹⁰⁴, og til sist at dåpen gjer:

⁹² Brunvoll, *Den norske kirkes bekjennelsesskrifter*, 19 og 25.

⁹³ Brunvoll, *Den norske kirkes bekjennelsesskrifter*, 25.

⁹⁴ Brunvoll, *Den norske kirkes bekjennelsesskrifter*, 28.

⁹⁵ Brunvoll, *Den norske kirkes bekjennelsesskrifter*, 28.

⁹⁶ Brunvoll, *Den norske kirkes bekjennelsesskrifter*, 45.

⁹⁷ Brunvoll, *Den norske kirkes bekjennelsesskrifter*, 49.

⁹⁸ Brunvoll, *Den norske kirkes bekjennelsesskrifter*, 49.

⁹⁹ Brunvoll, *Den norske kirkes bekjennelsesskrifter*, 130-131.

¹⁰⁰ Brunvoll, *Den norske kirkes bekjennelsesskrifter*, 130-131.

¹⁰¹ Brunvoll, *Den norske kirkes bekjennelsesskrifter*, 130-131.

¹⁰² Brunvoll, *Den norske kirkes bekjennelsesskrifter*, 130-131.

¹⁰³ Brunvoll, *Den norske kirkes bekjennelsesskrifter*, 130.

¹⁰⁴ Brunvoll, *Den norske kirkes bekjennelsesskrifter*, 130-131.

«... at den gamle Adam i oss skal druknas ved daglig anger og bot og dø med alle synder og onde lyster, og at et nytt menneske daglig skal stige fram og stå opp og leve evig for Gud i rettferd og renhet.»¹⁰⁵

I sin store katekisme, fjerde part «Om dåpen»¹⁰⁶ lærer Luther at dåpen gjer ein säl. Å verta säl er, slik han og seier det i LK, ikkje noko anna enn å verta løyst frå synd, død og djevel. Og han legg til konsekvensen av dette, nemleg at den døypte skal få koma inn i Kristi rike og etter døden få leva saman med han i æva.¹⁰⁷

2.7.11 Samhørighet

T nemnar samfunnet av dei heilage (*Sanctorum communionem*¹⁰⁸) og NC talar om ëi heilag, allmenn ... kyrkje (*unam Sanctam ... ecclesiam*¹⁰⁹). Om dåpen er det som bind saman dei heilage, og me i dåpen vert atterfødde til nytt liv ved Den heilage ande, er ikkje samfunnet av dei heilage begrensa til oss, her, vår kyrkjelyd. Då må me sjå «samfunnet av dei heilage» som alle kristne i alle land –og til alle tider. Ut frå denne tanken kan me trekka slutninga at setninga «oppstoda av lekamen og evig liv» heng saman med, kjem i forlenginga av, og er avhengig av dåpen, og at det er dette Luther henviser til når han i tredje artikkel «Om helliggjørelsen» lærer at «på den ytterste dag skal han [Kristus] vekke opp meg og alle døde og gi meg og alle troende i Kristus et evig liv¹¹⁰.»

2.7.12 Livet i dåpen

Alle trusartiklane har som underliggende forventning at den som vedkjenner seg dei, også vil leve etter det dei seier og føye seg etter Jesu lære og han som Herre. Han som er Gud, har gjeve oss levereglar som me som hans etterfylgjarar skal fylgja, og LK er ei konkret hjelp til korleis dette kan gjerast.

I denne samanheng må nemnast ordninga med fadrar. I fylgje heimesida til Den norske kyrkja¹¹¹ går tradisjonen med fadrar tilbake til oldkyrkja og spelar på dei nye foreldra til born av kristne martyrar. Fadrane er i så måte spesielt ansvarlege for å hjelpe til med den

¹⁰⁵ Brunvoll, *Den norske kirkes bekjennelsesskrifter*, 123. Jamfør Rom. 6, 4.

¹⁰⁶ Mæland, *Konkordieboken*, 367.

¹⁰⁷ Mæland, *Konkordieboken*, 367.

¹⁰⁸ Brunvoll, *Den norske kirkes bekjennelsesskrifter*, 19.

¹⁰⁹ Brunvoll, *Den norske kirkes bekjennelsesskrifter*, 25.

¹¹⁰ Brunvoll, *Den norske kirkes bekjennelsesskrifter*, 120-121.

¹¹¹ Den norske kyrkja, «Velje fadrar», tilgjengeleg på <http://www.kirken.no/?event=doLink&famID=3125>, vitja 30.11.12.

kristelege oppsedinga til dåpskandidaten. I denne samanhengen er LK, og også den store katekisma, særskilt godt tilrettelagde hjelpemiddel til å forklare trua og hjelpe den døypte å vokse inn i og finne sin plass i kyrkja og ved nattverdsbordet og slik få hjelp til å lære korleis å leve livet i dåpen.

2.7.12.1 Nåde

Store norske leksikon definerer nåde slik: nåde er eit «uttrykk for Guds kjærlighet som for Kristi skyld lar nåde gå for rett, fritar de skyldige for den fortjente straff, tilgir dem og tilbyr dem evig liv i sitt rike».¹¹² Denne definisjonen stemmer godt over eins med bruken av ordet i Luthers vesle katekisme. Her gjev Luther eit eksempel på kvar me kan finne og få nåde. Han seier at dåpen er ei nådekjelde¹¹³, ein stad der Gud tilbyr oss sin nåde, sin ubetinga godhet.

2.7.12.2 Fred

Det er kunn LK som eksplisitt nemner freden. Under Om skriftemål, andre spørsmål, oppmodar han til å skrifte alle ting for Gud, også den synd me ikkje merker at me gjer. Men for skriftefar vår skal me bekjenne «slikt som tynger samvittigheten og røver vår fred.»¹¹⁴ Elles er ordet fred nemnt i gjennomgangen av fjerde bøna i Fadervår der Luther forklarer implikasjonen av å be om at Gud i dag må gje oss vårt daglege brød¹¹⁵. Men andre stader i LK og, hovudsakleg under gjennomgangen av Fadervår, snakkar Luther med eit språk som får meg til å tenkje at han har fred i bakhovudet, både fred med Gud, fred med menneske og fred med oss sjølve. Jamfør vektlegginga på at me er Guds rette barn¹¹⁶, at Gud styrker og bevarer oss heilt til vår siste stund¹¹⁷, og at «vår Far i himmelen vil frelse oss frå alt ondt både på legeme og sjel, gods og ære,» osb.¹¹⁸

2.7.12.3 Håp

¹¹⁹NC bekjenner én dåp til syndenes forlatelse og venter på de dødes oppstandelse og et liv i den kommende verden». ¹²⁰ I LK, tredje art. «Om helligjørelsen», seier at me trur at Den

¹¹² Store norske leksikon, «Nåde – teologi», tilgjengeleg på <http://snl.no/n%C3%A5de/teologi>, vitja 30.11.12.

¹¹³ Brunvoll, *Den norske kirkes bekjennelsesskrifter*, 49.

¹¹⁴ Brunvoll, *Den norske kirkes bekjennelsesskrifter*, 133.

¹¹⁵ Brunvoll, *Den norske kirkes bekjennelsesskrifter*, 126.

¹¹⁶ Brunvoll, *Den norske kirkes bekjennelsesskrifter*, 122.

¹¹⁷ Brunvoll, *Den norske kirkes bekjennelsesskrifter*, 124.

¹¹⁸ Brunvoll, *Den norske kirkes bekjennelsesskrifter*, 128.

¹¹⁹ Brunvoll, *Den norske kirkes bekjennelsesskrifter*, 121.

¹²⁰ Brunvoll, *Den norske kirkes bekjennelsesskrifter*, 25.

heilage ande på den ytterste dagen skal vekka alle døde og gje dei truande evig liv i Kristus. I avsnittet «Hvorledes man skal lære de enfoldige å skrifte» siterer Luther Rom. 6,4 og viser til Paulus sine ord om at me i dåpen vert gravlagde med Kristus, og peiker på at me då og skal leva eit nytt liv med han. Eg forstår det slik at Luther her meiner at dette nye livet også gjeld livet her¹²¹, ikkje berre livet med Kristus etter døden¹²².

2.7.12.4 Bøn

LK er den einaste av vedkjenningskriftene som eksplisitt nemner bøn, og Luther sin gjennomgang av Fadervår og korleis denne skal bes kan då sjåast som hovudundervisningsmaterialet om bøn for dei lutherske kyrkjene, sjølvsagt saman med mellom anna Jesu ord i Bergpreika.¹²³

2.8 Luthers innleggande

Carl Fredrik Wisløff (1983) tek i eit eige kapittel opp spørsmålet «kva var det «nye» Luther kom med?»¹²⁴ Her gjev han eit overblikk over Luthers ynskje for kyrkja han var ein del av, nemleg ikkje å koma med noko nytt, men å leie kyrkja tilbake til det den var i oldkyrkja, til ei kyrkje som forkynte den rette lære utan urettferdige, unødvendige og uoppnåelige krav. Han ville tilbake til ein teologi som tok Guds nåde på alvor, som såg Gud som ein nådig Gud.

Wisløff påpeikar at Luther ikkje var den einaste som fremma behovet for ei korrigering av teologi og kyrkjeleg praksis, men viser til reformkonsila på 1400-talet¹²⁵ og bibelhumanismen¹²⁶, med fleire.

Luther var, i følgje Wisløff, ein tenar for Guds ord, i det at han stadig hevda at «Skriften alene skal oppstille trossetninger, og elles ingen, ikke en gang en engel.»¹²⁷ Han ville unngå for sterke filosofiske og kontekstuelle føringar for både bibeltekst og bibeltolking, og sokte å tolka skrifta og forkynna sanninga, slik han hadde lova det i medfør av å vera doktor i teologi.

¹²¹ Brunvoll, *Den norske kirkes bekjennelsesskrifter*, 59. Jamfør CA art. XX Om helligjørelsen «...fordi Den hellige ånd blir mottatt ved troen, blir hjertene nå fornyet og får et nytt sinn».

¹²² Brunvoll, *Den norske kirkes bekjennelsesskrifter*, 120. LK Om helligjørelsen «...vekke opp meg og alle døde og gi meg og alle troende i Kristus et evig liv».

¹²³ Jamfør Matt 6,5-14 og 7,7-11.

¹²⁴ Carl Fredrik Wisløff, *Martin Luthers teologi: En innføring* (Oslo: Lunde, 1983), 33.

¹²⁵ Pisa, Konstanz og Basel

¹²⁶ Wisløff, *Martin Luthers teologi*, 34.

¹²⁷ Wisløff, *Martin Luthers teologi*, 37.

Så bakgrunnen for at reformasjonen kom, skriv Wisløff, var at «Luther under sitt arbeid med Bibelen fant frem til dens budskap om frelse ved tro alene for Jesu Kristi skyld alene.» Og det er då og dette han legg fram som Luther sin hovudbodskap, nemleg bodskapen om at Jesus er død for våre synder og oppreist til vår rettferdigjering, og at dette må verha teke imot ved tru aleine, utan gjerning og forteneste¹²⁸, og presenterer heilt til sist det han meiner er Luthers nøkkel til tolkinga av Den heilage skrifta: Skjelninga mellom loven og evangeliet.¹²⁹ Og det er dette, skiljet mellom lov og evangelium, som ligg til grunn for den lutherske dåpsteologien slik vi finn den i vedkjenningsskriftene åt Dnk.

¹²⁸ Wisløff, *Martin Luthers teologi*, 40.

¹²⁹ Wisløff, *Martin Luthers teologi*, 40.

Kapittel 3

PRESENTASJON AV LEER-SALVESENS *EIT JA*

3.1 Innleiing

Her vil eg ta føre med Paul Leer-Salvesen sitt hefte *Eit ja* og sjå på korleis og kva han underviser om den kristne dåp. I innleiinga si presenterer Leer-Salvesen sjølv kva han vil med heftet, nemleg at lesaren her skal finna « ... teksten som ein brukar ved dåp i Den norske kyrkja» og «... nokre tankar om dåpen og den kristne trua.»¹³⁰ Når han målet sitt om å presentere tekstane til dåpsliturgien i Den norske kyrkja på ein god måte? Gjer undervisninga hans greie for det viktigaste om dåpen og den kristne trua på ein god og teologisk korrekt måte? Og kva seier han implisitt om dåpen og den kristne trua, og om Gud, med orda han nyttar når han omtalar desse, og måten han vektlegg stoffet på?

Eit ja kom ut på IKO forlag etter oppmoding av forlaget sjølv i 2002, og var meint å kome i møte det veksande antalet ungdomar som såkte dåp i konfirmasjonsalder. *Eit ja* avløyste då eit liknande hefte, *Inn i kirken*, som Leer-Salvesen i si tid skreiv på oppmoding av Bispemøtet og som vart utgjeve fyrste gongen i 1990, også dette på IKO forlag.¹³¹

Då *Inn i kirken* har ei breiare, og kan tenkast eldre, målgruppe enn *Eit ja*, tenkjer eg at det berre er naturleg at språket som vert nytta i *Inn i kirken* er betydeleg meir temaspesifikt. Det skin då og tydeleg igjennom i lesinga av *Inn i kirken* at språket som er nytta her er mykje meir komplisert og meiningsberande, eller teologisk tungt om ein vil, enn det som er nytta i *Eit ja*. Det kan verka som om Leer-Salvesen forventa betrakteleg meir kunnskap frå det publikum han har skrive for i *Inn i kirken*, enn det han gjer av lesaren av *Eit ja*.

Eit døme på dette er at i første del av *Inn i kirken* skildrar han starten av ei gudsteneste med dåp, og forventar at den som les heftet har noko kjennskap til kyrkja, kyrkjerommet og gudstenesta¹³², og omtalar dermed desse elementa som kjende. Denne forventninga til forkunnskap finn ein derimot ingen stadar i *Eit ja*. Her byrjar Leer-Salvesen det tilsvarande avsnittet til det som er nemnt ovanfor, med å forklare kva ein kan forvente å møta når ein kjem til gudsteneste i kyrkja, nemleg ord, salmar, musikk, bilete og bøner.¹³³ Ein møter her

¹³⁰ Leer-Salvesen, *Eit ja*, 7.

¹³¹ Opplyst av Leer-Salvesen i e-post av 20.08.12.

¹³² Leer-Salvesen, *Inn i kirken*, (Aurskog: IKO-Forlaget, 1990), 6.

¹³³ Leer-Salvesen, *Eit ja*, 8.

eut språk som vitnar om at forfattaren tillegg lesarane sine særer lite forkunnskap og bakgrunnskjennskap til kyrkje, gudstenesteliv, og generell kristen lære. Dette gjer, som me skal sjå, at Leer-Salvesen får starte med blanke ark når han skal forklare alt dette nye for lesaren for fyrste gong. Men det at lesaren møter teksten utan noko form for referanseramme gjev og forfattaren desto større ansvar i forbindelse med undervisninga. Utan korkje forkunnskap eller referanserammer av noko særleg grad, er lesaren prisgitt det stoffet som vert lagt fram, både måten, innhaldet og vektlegginga.

Leer-Salvesen har framstilt dåpslæra til Dnk ved å skrive eit hefte som tek for seg ni overordna tema i løpet av ni korte kapittel, som alle er oppdelte i fleire mindre delar. Den generelle strukturen i kvart kapittel i *Eit ja* er slik: Først kjem ein liten del av dåpsliturgien 1977, så nokre underpunkt med undervisning og der Leer-Salvesen delar nokre av sine tankar om tema, og til sist vert alle hovuddelane avslutta med ei bøn som er ført i penna av Leer-Salvesen sjølv. Enkelte av kapitla har og eit påfølgande bibelsitat som er meint til klargjering og utdjuping. Midt i heftet står forsakinga og truedkjennings oppført slik dei vert nytta i gudstenesta, og aller sist i heftet står Fader vår.

Medarbeidarar i Dnk, og elles andre luthersk kristne organisasjonar, har behov for eit godt undervisningsmateriale til hjelp ved formidling av basiskunnskap om kristen tru, lære og liv i dagens samfunn. *Eit ja* er det einaste alternativet som i dag fins for undervisnings om dåp for ungdom i konfirmantaler, og dette er grunnen til at eg ynskjer å studere *Eit ja* så grundig som eg gjer her.

Difor vil eg no ta føre meg kvar av dei ni hovuddelane av *Eit ja* og gje ei kort oppsummering av innhaldet i kvar av desse, for å kunna gje ei avgrensa oversikt over læreinnhaldet i *Eit ja*. Til sist vil eg føre opp kommentarar og eventuelle innvendingar eg måtte ha til innhaldet i heftet, for desse vil vera klargjerande for det skriftsyn, gudsatile og menneskesyn som Leer-Salvesen legg til grunn for undervisninga og som nødvendigvis må prege innhaldet i denne. Og skulle det vera avvik frå Den norske kyrkja sin dåpsteologi, bør dette klargjerast og eventuelt drøftast med tanke på kva korrigeringar som vil vera tenlege for å få framstilt ei klar luthersk lære om dåpen.

I underkapitla nedanfor vil eg gje eit kort resymé av kvart kapittel i *Eit ja*, med enkelte påfølgande oppsummeringsavsnitt der eg og vil kommentera innhaldet. Så lat oss no ta føre oss innhaldet i Leer-Salvesens *Eit ja* og sjå på kva som faktisk står der.

3.2 *Eit ja*

3.2.1 *Innleiring: Til deg som les denne boka*

Leer Salvesen innleier *Eit ja* med å presentere innhaldet for lesaren. Han fortel at målet med heftet er å presentere teksten som vert nytta ved dåp i Den norske kyrkja (Dnk) og å tenkje litt omkring dåpen og den kristne trua. Han rundar av kapittelet, og set tonen for resten av boka, ved å presentere dåpen som ei gâve frå Gud.

3.2.2 *Kapittel ein: Guds hus*

Leer-Salvesen skriv at kyrkja er Guds hus, men at Gud ikkje er stengd inne her, for Gud er overalt og i alle ting. Men det er i kyrkja du vert døypt, og det er her du vert teken inn i den lokale kyrkjelyden. I dåpen vert du Guds barn og ingen står mellom Gud og deg.

Uttrykket «fri hals», som tidlegare i Noreg vart nytta i samanheng med slavar som vart sette fri, ligg til grunn for ordet frelse, og «det er frigjerande å vere kristen¹³⁴», skriv han. Me vert frie i det at Gud frelser oss frå «alt som står kjærleiken imot»¹³⁵, og denne frelsa er Guds gâve til oss i dåpen.

Leer-Salvesen nyttar gjennom heile heftet tungt meiningsberande ord, og det kan tenkast at innhaldet i det han seier ville verta meir tilgjengeleg om han hadde teke seg tid til å forklara enkelte av dei uttrykka han nyttar.

3.2.3 *Kapittel to: Den første kristne kyrkja*

Heftet fortel at den kristne kyrkja etter Jesu befaling frå fyrste stund av har praktisert dåp, og at dette kan me lese om fleire stader i Det nye testamentet (NT). Å verta døypt er å verta fødd på nytt ved vatn og Ande, og dette hender berre ein gong i livet. Ein er framleis det same mennesket som ein var før ein vart døypt, men no har ein vorte Guds barn. Gud har ikkje kjønn i den forstand me tenkjer på det, men likevel kallar me Gud far. Jesus lærte læresveinane sine å nytta den nemninga, og sa at Gud er som ein god far for oss. Gud har og eigenskapane til ei god mor, men det viktigaste er ikkje korleis me ser på Gud, men at me er Guds born og kan forvente alt godt frå Gud.

Leer-Salvesen nemner ingen stad i dette kapittelet kva implikasjonar dåpen og det at me fått ei ny stilling som Guds born har for livet til den døypte, og ein kunne tenkje at han med fordel kunne utdjupe sakramentaspektet, og satt dåpen i samanheng med nattverden.

¹³⁴ Leer-Salvesen, *Eit ja*, 10.

¹³⁵ Leer-Salvesen, *Eit ja*, 10.

Leer-Salvesen skriv vidare at det fins to typar synd, nemleg arvesynd og synd vi er medvitne om. Nokre gonger gjer me bevisst det som me veit er galt, men «Arvesynda er ikkje noko vi gjer, men noko vi er»¹³⁶. Denne arven gjer at me treng Guds frigjerande frelse gjennom Jesus Kristus. Men kvifor?

Dåpen er eit teikn på at ein ikkje er åleine. Ikkje saman med fadrar, familie og kyrkjelyd ved døypefonten i kyrkja og ikkje i kyrkja si historie. I den augneblinken ein vert døypt, byrjar det nye livet. Det varer medan me lever her på jorda og fortset og etter døden i det at me får høyra heime hjå Gud. Sjølv om me har behov for å verta sett av andre menneske, så er dåpen noko me kan trøste oss med når me er einsame, i det at dåpen er «eit teikn på at Gud ser meg og at eg høyrer saman med Gud på livstid»¹³⁷.

Eg stussar på Leer-Salvesen sin uttalte tanke om å høyre saman med Gud på ein så sterkt måte. Det er ingen garanti for at det å seie: Gud ser meg, og å høyre saman med Gud, skal beskytt meg frå skremmande og vanskelege opplevingar. Likeeins saknar eg refleksjonen over at sjølv om eg ikkje har endra meg i dåpen, så står eg no i eit anna forhold til Gud. Som Guds barn står eg til ansvar for Gud med korleis eg lever livet mitt, og dette skylder Leer-Salvesen dåpskandidaten å fortelje han eller henne.

3.2.4 *Kapittel tre: Fadrane*

I kapittel tre skriv Leer-Salvesen om fadrane. Dei er viktige for den som skal verta døypt. For det første skal fadrane som oftast vera vitne på at dåpen har funne stad og på rett vis, og for det andre tek fadrane på seg ansvaret med å lære opp den døypte i den kristne trua.

Leer-Salvesen ufarleggjer fadderoppgåvane på ein positiv måte når han fortel at bortsett frå at fadrane sjølve må vera døypte, så ein treng ikkje noko spesiell kunnskap eller eigenskap for å kunna vera fadder. Det er derimot mange måtar å vera fadder på, og av di alle kan vera det på sin måte så kan ein fadder vera nokon ein kan ha eit særskilt godt forhold til både når det gjeld spørsmål om tru og om andre tema. I samanheng med dåpen forpliktar fadrane seg til å be for den døypte, å lære henne å kjenne Guds ord og å hjelpe henne til å nytta nattverden, og dette kan dei få dei hjelp til av kyrkjelyden.

Om bøn fortel Leer-Salvesen at den knyter oss saman med Gud og andre menneske på same tid, og held fram at bøn er ei eiga form for omsorg og omtanke, og om nattverden skriv han at den er for alle døypte, og definerer det positivt slik at kriteriet om dåp verkar

¹³⁶ Leer-Salvesen, *Eit ja*, 14.

¹³⁷ Leer-Salvesen, *Eit ja*, 15.

inkluderande og inviterande og ikkje ekskluderande. Nattverden er for alle døypte og denne gjev tilgjeving, fellesskap og kraft til å leve som kristen.

Når det gjeld punktet om å læra å kjenna Guds ord, så peiker Leer-Salvesen på gudstenesta som ein god stad for fadrane å hjelpe den døypte til å gjera seg kjent både med Gud og Guds ord, men det er vel verdt å legge merke til at han nyttar hermeteikn når han snakkar om det å «høyre»¹³⁸ Guds ord i Gudstenesta. Kva meiner han med å skilje ut dette ordet? Og kva implikasjonar får dette for bibelforståinga og –tolkinga hans?

3.2.5 *Kapittel fire: Vil du?*

I dette kapittelet er valet hovudtema. Forfattaren fortel at ved dåp av heilt små born er det foreldra som bestemmer på deira vegne om dei skal verta døypte, men for eldre born og vaksne skal dette vera eit fritt val. Og om ein seier «Ja!» og bestemmer seg for å verta døypt, så vel ein å slutte seg til forsakinga og trua som kyrkja vedkjenner seg til. Om ein av og til tviler på dette, er ikkje så farleg, for det er eit val og ei viljessak, og dåpen står fast anten me tvilar eller er sikre. Det er og to andre «Ja!» som lyder ved døypefonten. Gud seier «Ja!» og gjer deg til Guds barn, og kyrkjelyden seier «Ja!» og innlemmar deg som ein av sine. Difor er vi heller ikkje aleine om å tru, for vi høyrer til i ein kyrkjelyd der alle er Guds born, og der alle vedkjenner seg den same trua. Det kan koste å vedkjenne seg trua på Jesus Kristus. Det gjorde det for dei fyrste kristne, det gjer det for kristne mange stadar rundt om i verda i dag, og det kan det og gjera for oss her i Noreg, om enn ikkje i like ekstrem grad som andre stadar. Truslivet går opp og ned for alle og ein kvar, men uansett kor vi er, kven vi er og kor motige vi til ei kvar tid er, så høyrer vi alle til i den same kristne kyrkja.

Det er tre element i dette kapittelet som eg tenkjer at det er verdt å sjå nærmare på. For det fyrste så undrar eg på om ikkje Leer-Salvesen her, og gjennom heftet elles også, legg vel lite vekt på kor viktig den personlege vedkjenninga er i luthersk teologi? Det kan synest som om han meiner at dåpen er verksam så lenge me ikkje medvitent avviser den, og heldt fram at kyrkjelyden kan tru «på vegne av andre». For det andre så skriv han vidare at det å vedkjenna seg kristentrua ikkje er å halde lange talar, men først og fremst å våge «å nemne Jesu namn».¹³⁹ Her har eg vanskeleg for å forstå kva han i praksis sikter til. Referer han her til Fil. 2,11¹⁴⁰, eller tenkjer han i dei banar at å seie Jesu namn høgt har ei kraft i seg sjølv? ¹⁴¹ For

¹³⁸ Leer-Salvesen, *Eit ja*, 17.

¹³⁹ Leer-Salvesen, *Eit ja*, 19.

¹⁴⁰ ... og kvar tunge vedkjenna at Jesus Kristus er Herre, til Gud Faders ære.

¹⁴¹ Leer-Salvesen, *Eit ja*, 19.

det tredje og siste peikar han på at å seie ja til Gud er å seie «... nei til alt som står Guds gode vilje imot»¹⁴², men han har utelate å forklare kva dette konkret kan tyda i livet til den døypte. Alle desse tre elementa tenkjer eg at det vil vera nyttig å sjå nærmere på, då dei kan gi eit godt bilet av kva gudsbilete og type gudsforhold Leer-Salvesen legg til grunn for undervisninga si.

3.2.6 *Kapittel fem: Forsakinga og trua*

Leer-Salvesen forklarar nemninga forsaking ved å seie at eit «*Ja!*» til Gud, er å seie «*Nei!*» til det vonde. Det vonde, djevelen, prøver å få oss menneske bort frå Gud. Men når me vert døypte, så vert me utfordra til å fylgje Jesu eksempel og forsake djevelen og «å ta avstand frå all vond makt».¹⁴³ Verre er det å ta avstand frå det vonde som skjer utan at me kan forhindre det, som naturkatastrofar og ulukker, såkalla naturleg vondskap. Men aller vanskelegast er det å ta stilling til det som vert kalla Det vondes problem. Korleis kan Gud som er god kan tillate at det vonde får eksistere? Det veit me ikkje og kan ikkje svare på. Difor må me venda om på denne tanken og heller gleda oss over lovnaden me har, om at ein dag skal ikkje det vonde lenger ha noko makt eller plass, og enn så lenge får me forsake det vonde.

Den truvedkjeninga me nyttar i kyrkja i dag, fortel Leer-Salvesen at er om lag 1500 år gammal, og i heile kyrkja si historie og har liknande truvedkjennings vore nyttar i opplæring av katekumenar og i samanheng med dåpshandlinga.¹⁴⁴ Ei truvedkjeninga sumrar opp det viktigaste innhaldet i den kristne trua, og den som me nyttar i gudstenesta Dnk i dag har tre ledd «... som seier noko fundamentalt viktig om Gud»¹⁴⁵, nemleg at

1. Gud har skapt meg og alt som lever og heile universet
2. Gud sendte Jesus Kristus til frelse for verda
3. Gud handlar i verda gjennom Den heilage ande og kyrkja

Vidare skriv han at det som definerer ein kristen er at vedkomande kallar Jesus Kristus for Herre og Guds son. Dette er det som skil kristne frå jødar og muslimar, og det har store implikasjonar for korleis me ser på Jesus som person og på det han gjorde medan han var her på jorda. Dette har vore diskutert på mange vi til forskjellelege tider opp gjennom historia, og oftast med mål om å bekrefte at Jesus var sann Gud og sant menneske på same

¹⁴² Leer-Salvesen, *Eit ja*, 10.

¹⁴³ Leer-Salvesen, *Eit ja*, 23.

¹⁴⁴ Leer-Salvesen, *Eit ja*, 24.

¹⁴⁵ Leer-Salvesen, *Eit ja*, 24.

tid, at han var heilt og fullt både Gud og menneske, og at Gud kom til verda gjennom han. Og dette, seier Leer-Salvesen, er «trua sitt mysterium»¹⁴⁶.

3.2.7 *Kapittel seks: Del i ein siger*

Jesus sigra over døden då han for vår skuld stod opp på påskemorgon, og «kvar gong eit menneske vert døypt deler Jesus sin siger slik at denne sigeren vert vår»¹⁴⁷, skriv Leer-Salvesen. Det er ingen dåp utan vatn, og saman med orda som vert lesne og sagt i kyrkja er vatnet «ei kjelde som gjev oss del i Guds nåde»¹⁴⁸. Dåpen er eit sakrament, ei heilag handling, eit nådemiddel. I dåpen «kjem Jesus nær»¹⁴⁹, og forlet oss sidan aldri. Dåpen knyt oss saman med Jesus, i liv og død og oppstode, på ein så absolutt måte at ikkje ein gong døden kan skilje oss, i det mysteriet at Jesu død vert vår død, og at Jesu oppstode vert vår oppstode. Det at Gud, ved Den heilage ande, handlar i dåpen er ikkje nemnt, og ein kan tenkje seg at det at Gud er subjekt i dåpen burde nemnast for å setje den i relasjon til Jesu frelseverk.

3.2.8 *Kapittel sju: Krossen*

Krossmerket ein får ved dåpen er, slik Leer-Salvesen forklarar det, eit teikn på einskapen mellom Jesus Kristus og den døypte. Krossen var opprinneleg eit torturinstrument, men har no vorte symbolet på at Jesus er den døypte sin ven, og at «denne vennskapen held både i liv og død.»¹⁵⁰

Han siterer Rom. 5,8, «Gud viste sin kjærleik til oss i det at Kristus døydde for oss medan vi endå var syndarar¹⁵¹», og seier at då han [Kristus] døydde, frelste han oss og gjorde opp med synda ein gong for alle¹⁵². Difor har kyrkja sitt håp i trua på Jesu oppstode, som seier at også vi ein dag skal stå opp frå døden til eit nytt liv hjå Gud.

Her, som også elles i *Eit ja* forheldt han seg til dei døypte som eit heile, og ikkje på individnivå. Han framstiller det som at Jesu frelseverk er for kollektivet, og at den enkelte ikkje treng å ta stilling til dette. I tilsvarende kapittel i *Inn i kirken*, er han derimot tydeleg på

¹⁴⁶ Leer-Salvesen, *Eit ja*, 25.

¹⁴⁷ Leer-Salvesen, *Eit ja*, 26.

¹⁴⁸ Leer-Salvesen, *Eit ja*, 27.

¹⁴⁹ Leer-Salvesen, *Eit ja*, 27.

¹⁵⁰ Leer-Salvesen, *Eit ja*, 28.

¹⁵¹ Rom 5, 8.

¹⁵² Rom 6, 10.

at dette vedkjem menneska på individnivå, noko som får meg til å undre på kvifor han her har utelate dette perspektivet.

3.2.9 Kapittel åtte: Ditt namn og Guds namn

I kapittelet om forsakinga og trua samanfattar Leer-Salvesen innhaldet i vedkjenninga til den treeinige Gud til tre setningar som kvar presenterer det han ser som hovudatributten til ein av dei tre personane i guddommen. Her tek han opp att denne tråden frå kapittel fem og utdjupar korleis Gud handlar, i verda og i historia, og kva dette får å seie for oss som døypte, i det at i dåpen vert vårt namn nemnd i same andedrag som Guds tre namn. Om ein ser på den æra det i den jødiske kulturen var å få kjennskap til nokon sitt namn, er det å nemna namna til to personar i samanheng, slik me jo gjer det i dåpen, eit teikn på at desse, den døypte og Gud, no «høyrer djupt og inderleg saman»¹⁵³, og dette verkar inn på livet vårt etter dåpen.

3.2.10 Kapittel ni: Inn i kyrkjelyden

I dette kapittelet tek Leer-Salvesen opp mange tema. Først snakkar han om kyrkja, og til sist noko av det han meiner er viktig i ein kristen sitt liv.

Om kyrkja skriv han at både den verdsvide kyrkja og den lokale kyrkjelyden består av menneske frå alle folkeslag og samfunnslag, og av begge kjønn. Og i kyrkja er alle like, i det at me er like innfor Gud. Difor har kyrkja ansvar for å kjempe for menneskeverd og likeverd i verda, og dette er ein kamp me ikkje kan gi opp så lenge kyrkja fins til.

Dåpen er ei nådekjelde der me utan vederlag får ta imot frelsa som ei gavé frå Gud.

Men Gud gjev oss også ei anna form for nåde, nemleg den nåden det er at me får Guds kjærleik som utrustar oss til å fortsetja kampen mot det vonde både i oss sjølv og i verda, og å ikkje gi opp så lenge det er nokon som vert forskjellsbehandla.

Trua gjev oss fred med Gud, med andre menneske og med oss sjølve. Gud er fredens Gud, og me som i dåpen er Guds born, skal få vera fredsarbeidrarar og fredsstiftarar. I dåpen har Gud gjeve oss ei levande von i det at vi vert fødde på ny og slik får del i Jesu Kristi oppstode frå dei døde, og aldri meir treng å uroa oss for døden.

Dåpshandlinga vert avslutta med at den døypte ber Herrens bøn saman med resten av kyrkjelyden, og bøna skal og vera overskrifta på det nye livet. Jesus lærte læresveinane sine, og i forlenginga av det oss, korleis me kan be. Fader vår står oppført som avslutning på heftet, men me kan be på mange forskjellige vis og om alt me vil. Me kan alltid vera sikre på

¹⁵³ Leer-Salvesen, *Eit ja*, 31.

at Gud høyrer all bøn, og vi trur at Gud svarar på bøn, men kanskje må ein øve seg for å høyre Guds røyst i verda.

3.3 Oppsummering

Leer-Salvesen gjev *Eit ja* ein struktur som kan liknast med strukturen i ei dåpsgudsteneste. Han møter dåpskandidaten ved inngangen, leier henne gjennom gudstenesta fram til dåpshandlinga, og sender henne ut i livet med fredshelsinga klingande i øyra og velmeinande råd om tru, tillit, von og bøn i bagasjen.

Og kanskje er det nettopp det at han er så positiv og velmeinande ovanfor lesaren, som gjer at det somme stader er vanskeleg å få tak i kva han meiner når han underviser. Ein kan til tider få kjensla av at han har eit så sterkt ynskje om at lesaren skal ynskja å verta døypt, at han vel å tone ned dei meir utfordrande elementa i kristentrua for å gjere tiltrekkinga til dåpen og kristentrua større. Ein må setje pris på initiativet, for dette er jo i tråd med ynskje til Dnk om at alle som vil, skal få verta døypte. Derimot kan ein ikkje lata vera å kommentera det når trua og teologien vert forenkla og forflata i så stor grad at det endrar innhaldet i dei. I lys av dette vil eg nemne dei elementa i *Eit ja* som eg tenkjer at i så måte bør kommenterast.

Leer-Salvesen synest i innleiinga og i kapittel ein av *Eit ja* å nytta nemningane døypt, kristen og frelst om ein annan, og nesten som synonym. Måten han her nyttar tungt meiningsberande ord utan å forklare dei er også gjennomgåande i resten av heftet. Kan hende er det av di han vil unngå for mange detaljerte forklaringar, eller kan hende av di han ikkje reflekterer over at desse orda som for dei fleste vaksne, reflekterte kristne er forståelege ord og uttrykk, ikkje er det for dei uinnvigde. Resultatet er uansett at innhaldet i undervisninga lett kan forsvinna når orda som vert nytta ikkje vert forstått av lesaren, og då vil ein jo nødvendigvis enda opp utan noko ny kunnskap eller forståing.

Gjentekne gonger skriv Leer-Salvesen at me som er døypte er Guds born eller at me får kalles oss Guds born, men han knyt ikkje denne statusen tydeleg opp mot dåpssakramentet. Vedkjennings- og etterfølgingsperspektivet er og ganske vagt, noko eg gjerne hadde sett at han kunne kommentera meir, då desse er viktig element i den lutherske tradisjonen.

Vidare ynskjer eg å kaste litt meir lys over korleis han nytter Bibelen i undervisninga. Ved første gjennomlesing kan dei bibelsitata han har nytta i teksten verka noko tilfeldige. Ser ein nøyare etter så verkar bibelsitata i nokre tilfelle ikkje ein gong relevante for det tema Leer-Salvesen nyttar dei til inntekt for, om ein ser på den konteksten dei er tekne ut ifrå. Om dette er tilfelle, kan det vitne om eit skriftsyn der Bibelen som skriftleg kjelde ikkje har noko

sterk autoritet i seg sjølv. Og om Leer-Salvesen tenkjer at bibeltekstane kan nyttast til inntekt for eigne synspunkt der dei kjennest rett, viker dette tydeleg av frå skriftsynet til Dnk som forheldt seg til Bibelen som Guds ord, og det vitnar om ein utbredt bruk av det som på engelsk er kalla «proof texting», den såkalla mannakornmetoden.

Eg tenkjer også at det er vel verd å leggja merke til kva språk Leer-Salvesen nyttar når han gjer greie for den døypte sitt personlege forhold til Gud. Sjølv om han i påfallande sterkt grad vektlegg fellesskapen og med den fenomenet stadfortredande tru, så er han tydeleg på at me kan forholda oss til Gud som eit «eg» til eit «du». Likevel omtalar han dåpen som eit «teikn på...»¹⁵⁴, ikkje noko konkret beskrivande av, forholdet mellom den døypte og Gud. Dette gjer det uklart om forholdet mellom Gud og oss faktisk er uavhengig av sakramenta. I kapittel to antyder han at det kan vera noko tilnærmingvis besvergande i det å påkalle Guds eller Jesu namn. Vidare snakkar han fleire gonger om Jesu venskap med oss, men det han legg i denne venskapen vitnar om at han legg betydeleg meir i det enn det ordet han nyttar, skulle tilseie.

Riktig nok nemner han den i aller siste del av heftet, men eg synes det er eit tap at når Leer-Salvesen avsluttar kvart kapittel med ei bøn, så nyttar han ikkje nokon stad den rike bønetradisjonen som kyrkja vår står i. Og vidare undrar eg på om dette, saman med det faktum at han i særstak liten grad viser til kyrkjehistoriske tekstar og til kyrkjehistoria generelt, kan vere symptom på at Leer-Salvesen ynskjer å kontekstualisere og modernisere den kristne trua for å gjøre den meir attraktiv.

I tillegg synes eg det er verd å merka seg at sjølv om der er eit heilt kapittel om Jesus og hans frelseverk, så er det ingen stader forklart kvifor me treng å verta frelste.

Så, kva seier Leer-Salvesen eigentleg i *Eit ja*? Han hadde sett seg føre å presentere tekstane til dåpsliturgien i Den norske kyrkja og å greie for det viktigaste om dåpen og den kristne trua. Han har sitert heile teksten til dåpsliturgien for dåp av større born og vaksne, og i så måte heilt enkelt presentert den. Når det gjeld sjølve undervisninga, så held han det han lova i innleiinga til *Eit ja*, nemleg å dele sine tankar om tema, men ikkje noko meir enn akkurat det.

Dei innvendingane eg har lista ovanfor, meiner eg alle er viktige punkt som gjerne kunne vore drøfta for å avklare korleis det som skin igjennom av Leer-Salvesen sin teologi forheldt seg til klassisk luthersk teologi, og kva dette får å seie for presentasjonen og oppfatninga av undervisninga som vert gjeven i *Eit ja*. Men ikkje alle aspekta er like

¹⁵⁴ Leer-Salvesen, *Eit ja*, 15.

relevante for å svare på spørsmålet mitt om kva Leer-Salvesen meiner om å bli Guds barn i dåpen. Difor har eg vald meg ut nokre av desse innvendingane, som eg vil drøfta nærare med mål om å kunna gje eit godt svar på dette, og desse er fellesskapstanken, skriftsyn, bibelbruk og gudsbilete, språk og det at han omtalar dåpen som teikn.

Kapittel 4

GUDS BARN I DÅPEN?

4.1 Innleiing

Etter å ha analysert innhaldet i *Eit ja* i førre kapittel, sit eg igjen med fleire store spørsmål som eg ynskjer å drøfte her. Men det overordna spørsmålet mitt er: Kva er Leer-Salvesen sitt syn på det å verta eit Guds barn i dåpen? «Leer-Salvesen er jo tydeleg på at ein blir Guds barn i dåpen!» kan ein innvenda. Og ja, fleire stader gjennom heile *Eit ja* skriv Leer-Salvesen at dåpen er staden og tidspunktet der ein vert Guds barn. Dette stemmer heilt over eins med Dnk si lære om dette, og det er ikkje eigentleg det som undrar meg i møte med innhaldet i *Eit ja*. Leer-Salvesen går, som sagt, inn for å formidle at det er i dåpen ein vert Guds barn. Men det kan synest som om tankegangen hans ender der, noko som fleire stader i heftet fører til misforståingar, og som gjer lesaren usikker på innhaldet i dette far-barn forholdet.

Leer-Salvesen tek i særsliteng grad inn over seg spørsmålet om kor vidt det å bli eit Guds barn får noko konsekvens for den døypte. I *Eit ja* presenter Leer-Salvesen tydeleg gåvene me får i dåpen: liv, frelse¹⁵⁵, krefter, Den heilage ande, nåde, fred og håp. Han er derimot lite tydeleg på spørsmålet om kor vidt den døypte må *nytta* desse gåvene for at dei skal vera effektive og gjera det dei seier, og i forlenginga av det, om den enkelte *sjølv* må ta stilling til dette spørsmålet.

Eit ja er så vagt når det beskriv forholdet mellom den døypte og Gud, at det kan synest på grensa til det påtaklege. Leer-Salvesen er tydeleg på at den døypte kan forholda seg til Gud slik som han eller ho er, som eit «eg» til eit «du»¹⁵⁶, og det er kanskje det han prøver å få fram når han nyttar det noko upresise uttrykket «Jesus er din ven»¹⁵⁷. Lenger ut i heftet skriv han at «dåpen er eit teikn på at eg ikkje er åleine»¹⁵⁸, men ut frå den konkrete samanhengen der uttrykket er nytt, er det vanskeleg å skjøna om han viser til at ein som ein del av kyrkja og kyrkjelyden aldri er åleine i åndeleg forstand, om ein som del av kyrkjelyden ikkje er åleine i møte med Gud, eller om resten av livet etter at ein har vorte døypt aldri meir treng å vera einsam, av di ein alltid kan påkalla Gud til å vera saman med ein.

¹⁵⁵ Leer-Salvesen, *Eit ja*, 10. Frå alt som står kjærleiken imot .

¹⁵⁶ Leer-Salvesen, *Eit ja*, 9.

¹⁵⁷ Leer-Salvesen, *Eit ja*, 28.

¹⁵⁸ Leer-Salvesen, *Eit ja*, 15.

Eg synes generelt at uttrykket «å bli Guds barn i dåpen» som Leer-Salvesen nyttar så hyppig og legg så stor vekt på, ikkje er tilstrekkeleg forklart i heftet. Ingen stadar er det konkret forklart kva det inneber å verta eit Guds barn, anna enn at det set oss i ei ny stilling til Gud¹⁵⁹. Eventuelt anna Leer-Salvesen har lagt i uttrykket, vert overlate til lesaren si eiga tolking, og eg undrar på meg om det er forsvarleg å overlata det til ein lesar med så lite førkunnskap som det han forutset at lesaren av *Eit ja* har.

Difor er det dette spørsmålet vil eg legge til grunn for heile drøftinga mi: Kva er Leer-Salvesen sitt syn på det å verta eit Guds barn i dåpen? Dei elementa eg i førre kapittel trakk ut or og sette spørsmålsteikn ved i *Eit ja*, ser eg som viktige element å drøfte då dei alle påverkar korleis Leer-Salvesen ser på vårt forhold til Gud, både i dåpen og etterpå, men ikkje alle er relevante for denne oppgåva. Difor vil eg ta føre meg nokre av desse problemstillingane, og late dei andre liggja i denne omgangen.

4.2 Folkekirkja og stadfortredande tru

I kapittel to i *Eit ja* fortel Leer-Salvesen at dåpen vert samanlikna med ein fødsel. Sjølv om ein i dåpen vert fødd på nytt, så er det ikkje noko magisk som skjer. Ein er fortsatt seg sjølv etter at ein har vorte døypt, men Leer-Salvesen beskriv det som skjer i dåpen som å få «ein ny plass i fellesskapen med Jesus og alle andre kristne»¹⁶⁰. I kapittel fire i *Eit ja* tek Leer-Salvesen for seg den døypte sin plass i kyrkjelyden. I den samanhengen beskriv han ganske godt det eg ser som den norske folkekirkjetanken. Han omtalar kyrkja og kyrkjelyden som eit heile, som eit fellesskap der alle er med, og der ein vert halden oppe ved å støtte seg på og stå saman med dei andre døypte.

I same avsnitt gjev Leer-Salvesen uttrykk for at eiga vedkjenning ikkje er viktig i noko anna retning enn at ein må vera positiv i møte med trua og Guds løfter. Eg tenkjer at dette lett kan forståast slik at så lenge ein ikkje tek aktivt avstand frå gåvene som vert gjevne i dåpen, og frå dåpen sjølv, så kan ein lite på at Guds lovnadar til kyrkja har kraft og er gjeldande også for ein sjølv, slik ein lærer i Den romersk katolske kyrkja. Det at Leer-Salvesen forstår og omtalar kyrkja «kollektivt» gjer at ingen er nøydd til å stå aleine i møte med Gud og med livet. Heile det døypte folket står saman, og me har alltid resten av kyrkja eller kyrkjelyden å lene og støtte oss på.

Denne folkekirkjetanken bringer med seg tanken om stadfortredande tru. Ei folkekirkje som har som mål å nå og famne alle menneske i samfunnet, må ikkje berre

¹⁵⁹ Leer-Salvesen, *Eit ja*, 13.

¹⁶⁰ Leer-Salvesen, *Eit ja*, 13.

forholda seg til mange forskjellige tradisjonar og kulturforskellar, ho må og forholda seg til forskjellig grad av religiøs bevissthet og kjensle av relevans. I møte med dette dukkar den tanken opp, at nokon andre si tru kan bera meg og halde mi tru oppe. Dei «sterke» kan bera dei «svake», og slik får alle vere med i fellesskapen. Det kan synest som om det er dette Leer-Salvesen siktat til når han gjennom heile *Eit ja* er så tydeleg på at me vert Guds barn i dåpen, og heldt fast på at den døypte får ein sikker plass i kyrkjelyden, same kor religiøst medviten han eller hoer, og at denne fellesskapen til ei kvar tid vil kunne halde henne oppe.

Tanken om stadfortredane tru er ikkje ukjend i luthersk teologi. Eit praktisk døme på dette, er at både spedborn og vaksne menneske med alle grader av kognitive evner, vert ynskte velkomne til dåp i lutherske kyrkjer. Om me ikkje kan vera sikre på kva dåpskandidaten sjølv er i stand til å forstå, seier at han eller ho vert døypt på foreldre og fadrar si tru. Tru er ei gáve me får i dåpen, og alle som vert døypte får trua i gáve, same kva alder og kognitive evner dei har. Kva verbale evner dei har til å uttrykke denne trua er heller ikkje relevant. Difor kan me seie at alle i kyrkjelyden, også dei små borna, har tru, og at deira tru er ein del av fellesskapen si tru, og at alle døypte, sjølv om det på ingen måte er ei homogen samling menneske, er *ei* kyrkje.

No har me teke for oss den enkelte i relasjon til kyrkjelyden. Men korleis relaterer kyrkjelyden seg til den døypte som eit Guds barn? Kan me finne ut kva Leer-Salvesen meiner at eit Guds barn er, i denne kollektive måten å forstå kyrkje på, der enkeltindividet ikkje nødvendigvis skil seg ut?

I kapittel fem i *Eit ja* tek Leer-Salvesen for seg forsakinga og trua, og dette er det næreste me i *Eit ja* kjem til å fokusere på enkeltindividet i ein kyrkjelydssamanheng. Implisitt så kan ein skjøna at han snakkar om forsamlinga av alle døypte når han seier at «vi» vedkjenner oss at vi trur på Gud. Det er og implisitt at i møte med forsakinga av det vonde og det å vedkjenne seg trua på Gud, at den enkelte sjølv må stå for det han eller ho seier. Dette, og det at han tidlegare i heftet er tydeleg på at ein kan forholda seg til Gud som eit «eg» til eit «du», gjer at ein kan ane at han forventar ei viss sjølvstende i møte med Gud. At han forventar at ein som medlem i fellesskapen av dei døypte og sjølv må rekne seg som eit Guds barn, og vedkjenne seg Gud på eigne vegne, ikkje berre fylgje med på lasset til fellesskapet.

Likevel legg Leer-Salvesen i teksten til *Eit ja* altså lite vekt på den personlege vedkjenninga. Det at han og har eit svakt etterfølgingsperspektiv gjev eit inkoherent inntrykk. På eine sida forventar Leer-Salvesen eit individuelt forhold til Gud, i det at han snakkar om det personlege det er å verta døypt. På hi sida er det fellesskapen i gudstenesta som ber og går i møte med denne same Gud. Luther var, som me jo veit, i si tid banebrytande i det at han

forkynte det kyrkja hadde gløynd, nemleg at Guds nåde ikkje er avhengig av våre gjerningar. Men sjølv om Luther ikkje ville sjå menneska bundne under unødvendige og alt for strenge bod, tydde ikkje det at han meinte at ein som døypt og kristen ikkje hadde plikter eller stod ansvarleg ovanfor Gud med korleis ein forvalta kallet sitt.¹⁶¹ Luther var klar over at menneska har ei ulykksalige hang til å gjera det vonde, sjølv etter at dei er døypte, og han beskrev det ved å seie at vi menneske er innkrøkte i oss sjølve. Vi ser ikkje lenger enn vår eigen nase, vi er oss sjølv nærast, og vi tenkjer først og fremst på oss sjølv og *våre eigne* ynskjer og behov. Nettopp difor formante Luther i sin vesle katekisme alle døypte til å nytte sakramenta, til å kjenne Fadervår og Trua, og til å søke å lære Guds ord å kjenne, for å koma nærmare innpå Gud og Guds nåde, og for å leve slik vi var meinte å leva.

4.2.1 Oppsummering

Individperspektivet er så godt som ikkje-eksisterande i *Eit ja*. Det kollektive tek overhand som det som heldt trua oppe. Ein kan tenkja seg at om ein går jevnleg til gudsteneste og nyttar sakramenta så vil Den heilage ande virke i ein, og slik danne eit slikt forhold til Gud som Luther etterlyser. Men statistikken i folkekyrkja talar ikkje denne saken. Den vitnar heller om synkande tal for gudstenestedeltaking med alt dette fører med seg. Så då kan ein spørre seg om den i utgangspunktet positive tanken om at den sterke fellesskapen kan halde den svake oppe når det trengs, ikkje har vorte overtolka og misbrukt for å forsvare at enkeltindividet ikkje treng å ta kristentrua «innover seg», og slik misse det forholdet til Gud som Luther ynskte for alle døypte, nemleg tryggleiken i å vera eit Guds barn? Tanken om at ein blir Guds barn i dåpen, med den fridomen dette gjev, fortrenger livsopplevinga av å vera eit Guds barn, med den tryggleiken dette gjev, i det at individet berre blir ein anonym del av eit stort heile.

4.3 Skriftsyn, bibelbruk og gudsatile

Eit ja har tre typar skriftleg materiale. Vi finn direkte sitat frå dåpsliturgien, tekst med Leer-Salvesen sine eigne tankar, og direkte sitat frå Bibelen. Dnk sin dåpsliturgi av 1977 blir ordrett presentert som den er, og spreidd ut gjennom heile heftet finn ein, med unntak av spørsmålet om dåpskandidaten sitt namn, all teksten til liturgien ved vaksendåp i Dnk. Undervisninga har Leer-Salvesen presentert i ein narrativ tekst som tek føre seg hans eigne tankar, nokre parafraserte referansar til Bibelen, og nokre referansar til kyrkjhistoria.

¹⁶¹ I sin vesle katekisme talar Luther om yrkesstanden til eit menneske som «kallet» hans eller hennar. Ein kunne ha kall til å vera husband, husfrue, tenestegut, osv.

I den samanhengen tenkjer eg at det er tre fenomen som burde kommenterast. Desse er Leer-Salvesen sitt skriftsyn, slik me kan dra det ut frå *Eit ja*, bibelbruken hans, nærmere bestemt bruken hans av bibelsitat, og til slutt gudsbletet hans, slik me kan trekke det ut or teksten i *Eit ja*, og drøftinga av dei to føregåande punkta. Om ein går desse tre elementa nærmere etter i saumane, så trur eg at måten Leer-Salvesen nyttar bibelsitat i teksten på, vil kunne seie oss noko om korleis skriftsynet, bibelbruken og gudsbletet hans er prega av korleis han forstår det å vera eit Guds barn.

4.3.1 Skriftsyn

Som avslutning på fem av dei ni kapitla i *Eit ja* har Leer-Salvesen ført opp eit bibelsitat, og slik eg forstår det er desse sitata meint å utdjupe eller eventuelt forklare vidare noko av det han har sagt i det føregåande kapittelet, og nokre stader siterer han og Bibelen inne i sjølve brødteksten. Ved første gjennomlesing kan valet av bibelsitat, som eg jo og peika på i presentasjonen av *Eit ja*, verka noko tilfeldig. Ein kan ikkje nødvendigvis setje fingeren på det konkrete sitatet og seie at *dette* bibelverset er irrelevant for det Leer-Salvesen nettopp har sagt, for ein kan finne igjen tema eller nemningane Leer-Salvesen i samanhengen tek føre seg. Tek ein derimot eit steg bakover og ser både på nær- og fjernkontekstane som sitata er henta frå, kan ein igjen setje spørsmålsteikn ved valet av bibelsitat. Som eg og tok opp i oppsummeringa av kapittel to i *Eit ja*, så verkar dette å vera gjennomgående for korleis Leer-Salvesen nyttar Bibelen gjennom heile *Eit ja*. Eg tenkjer difor at dette må vera eit symptom på noko, og at me bør prøve å setje fingeren på kva dette «noko» er.

Det vil eg gjere i to etappar. Først vil eg freista beskrive Leer-Salvesen sitt skriftsyn slik eg kan trekke det ut or brødteksten i *Eit ja*. Deretter vil eg utdjupe og konkretiser innvendingane mot Leer-Salvesen sin bibelbruk i *Eit ja* ved å sjå nærmere på to av dei bibeltekstene han nyttar her, seie litt om konteksten på dei stadane der disse tekstane fins i si opprinnelege form og samanheng, og så sjå på korleis Leer-Salvesen drar dei i retning av sine eigne synspunkt.

CA VII og Dnk sin liturgi for ordinasjon til presteteneste reknar begge Bibelen som Guds ord. Vidare legg dei evangeliet som rettesnor for læra i kyrkja, og Dnk har som føresetnad at den som vert kalla til å forkynne evangeliet vil forholda seg til evangeliet slik me finn presentert i Guds ord, i Bibelen. Når Leer-Salvesen synest å ta bibelsitat ut or samanhengen sin, og ta dei til inntekt for sine eigne meningar og synspunkt utan å ta omsyn til den bibelsk intertekstlege konteksten dei er henta frå, og i så måte kan synes som å nytte meir eller mindre tilfeldige bibelsitat til inntekt for eigne utsegner der dette «kjennes rett»,

vitnar dette om eit skriftsyn som tydeleg viker av frå skriftsynet til Dnk. Det engelske uttrykket for denne subjektive bruken av Bibelen er proof texting, og på norsk kan ein kalla det for mannakornmetoden. For å kunne nytta Bibelen på denne måten bør forkynnaren sjølv ha god kjennskap både til den og til tolkingstradisjonen han står i for å sikre at innhaldet i forkynninga stemmer overeins med innhaldet i bibeltekstane som vert nytta.

Om Leer-Salvesen faktisk nytta denne tilnærminga til Bibelen, og det kan sjå slik ut, så fortel det oss først og fremst noko om Leer-Salvesen sitt bibelsyn. Men det seier oss også noko om gudsbilete hans, og det vil eg ta opp att litt lenger ut i kapittelet.

4.3.2 *Bibelbruk*

Om Bibelen er Guds ord så må ein forkynnar forholda seg til det som står der, i den samanhengen det står, og som ein autoritet både i seg sjølv og i kraft av tradisjonen den står i. Me kan ikkje ta tekstane ut or den samanhengen dei står i utan å skade, forringa, eller til og med fjerne meiningsinnhaldet. Difor må ein alltid, slik Dnk ser det, sjå ein tekst i lys av den konteksten den er henta frå. Dette gjeld uansett leng på teksten, og vert sjølvsagt viktigare jo kortare den er.

I det at Leer-Salvesen synes å nytta den før nemnte mannakornmetoden, har dei bibelsitata han har vald å nytte i *Eit ja* ikkje nødvendigvis det same innhaldet her som dei hadde i den konteksten dei er henta frå. Eg vil sjå på kontekst, tradisjonell tolking, og så på korleis Leer-Salvesen nytta dei, for å beskrive kva eg siktar til. Slik ynskjer eg å vise korleis bibelsitata ikkje ber same innhald i *Eit ja*, som dei gjer i den opprinnelige bibelske konteksten sin.

Under vil eg sjå nærare på eit par av dei bibeltekstene han nytta her, og seie litt om konteksten på dei stadane der disse orda fins i si opprinnelige form og samanheng, og korleis Leer-Salvesen drar desse to tekstane i retning av sine eigne synspunkt.

4.3.2.1 *Efesarane 3, 14-15*

Det første eksempelet eg vil ta føre meg finn me i kapittel to i *Eit ja*, «Den første kristne kyrkja», og er henta frå Ef. 3,14-15. Leer-Salvesen tek her føre seg tre hovudtema: Å verta eit Guds barn, synd og skuld, og det at den døypte ikkje er åleine. Samanfatta i ei setning, kan ein seie at meiningsinnhaldet i kapittelet er som fylgjer: «Eg er ein syndar, men i dåpen blir eg Guds barn». Valet av overskrift kan difor verka noko misvisande.

Efesarbrevet kan sjå ut til å ha tre hovuddelar¹⁶², og versa fjorten og femten i kapittel tre er byrjinga på andre delen av brevet med overskrifta «Evangeliet og dets forkynnelse.»¹⁶³

Lat oss først ta føre oss vers fjorten. I avsnittet før, kapittel tre versa ein til tretten, fortel Paulus lesarane om hans kall og stilling som apostel for heidningane. Han avsluttar med å trøyste dei og seie at det at han sit i fengsel for deira skuld er ei ære for dei. Vidare oppmodar han dei til å ha frimod i trua og å gå fram for Gud med bekymringane sine. I Paulus sin jødiske tradisjon var det ikkje uvanleg å bøye kne ved bøn, sjølv om ein også bad ståande¹⁶⁴, og i fylge Gilbrant er det dette Paulus konkret siktat til først i vers ein, og så igjen i vers fjorten, i byrjinga av del to av Efesarbrevet, igjen som innleiinga til ei bøn.

Vers femten kan forståast på to måtar. Anten så viser Paulus her til at alle dei gjenløyste, levande eller døde, skylder Gud sin eksistens, og har i kraft av sin nye fødsel i dåpen vorte Guds born. Eller, så skapar Paulus ein større fellesskap i det at han seier at alle skapte vesen, englar og menneske, til saman utgjer ein stor familie av skapningar. Men uansett så handlar det om korleis kyrkjelyden i Efesos, og heile kyrkja med dei, skal forholda seg til Gud som til ein far, slik som Jesus lærte disiplane å gjera.

Desse to versa opnar for resten av kapittelet der Paulus ber om Guds kraft og herlege rikedom for kyrkjelyden i Efesos, forkynner evangeliet, og oppmodar til å leve med Jesus som Herre i heile livet.

Når ein ser på den korte samanfatninga av kapittel tre i Paulus sitt brev til efesarane, kan det synast som om Leer-Salvesen har vald desse to korte versa berre av di dei nemner ordet «Far», eit ord som spelar på det tema han tok opp i kapittel to i heftet sitt. Under overskrifta *ikkje aleine* skriv han at dåpen er eit teikn på at eg høyrer saman med Gud på livstid, og at å vera eit Guds barn er å aldri vere heilt aleine. Kanskje meiner han med det å vise til Paulus sin tanke om Gud som alle døypte sin Far, men dette er i så fall lite tydeleg. Derimot set han i bøna som saman med bibelsitatet avsluttar kapittelet i *Eit ja*, spørsmålsteikn ved om Gud ser oss og bryr seg om oss, noko som jo underminerer hans eiga undervisning om at me blir Guds barn i dåpen, både her og i resten av *Eit ja*.

4.3.2.2 Johannes 20, 27-28

Det andre eksempelet finn me i kapittel fire i *Eit ja*, «Vil du?», og er henta frå Joh. 20,27-28. Kapittelet tek og føre seg tre hovedtema, å vedkjenne, å svare «Ja!», og at me menneske går

¹⁶² Thoralf Gilbrant, red., *Studiebibelen Vol. IV*, (Oslo: Illustrert Bibelleksikon A/S, 1981), 99.

¹⁶³ Gilbrant, *Studiebibelen Vol. IV*, 127.

¹⁶⁴ Til dømes Mark. 11,25 og Luk. 18,11.

«opp og ned» i trua. Om eg og her skulle trekkje ut meiningsinnhaldet i kapittelet med *ei* setning, vil det vera at: Som døypt høyrer ein til hjå Gud og i kyrkja sjølv om ein ikkje alltid er like sterk i trua. Innhaldet i dette kapittelet heng nærare saman med overskrifta enn det som var tilfellet i kapittel to, då Leer-Salvesen her nyttar størstedelen av plassen til å snakke om val i samband med dåp, og tvil og tru knytt til dette valet.

Bibelsitatet er eit kort utdrag av forteljinga om då Jesus viste seg for disiplane andre gongen etter oppstoda, slik me finn den i Evangeliet etter Johannes. Tomas hadde ikkje vore saman med dei andre den fyste gongen Jesus viste seg og gav dei Den heilage ande, og han trudde ikkje vitnemålet deira. Han sa at han berre ville tru på det, om han sjølv fekk sjå Jesus og kjenne på såra hans.¹⁶⁵ I tekstuddraget som Leer-Salvesen har nyttta, får Tomas sjølv både høyra og sjå Jesus. Disipline er igjen samla, men ut frå det greske ordet "eita", deretter, som er nyttta her, kan det synest som om Jesus kjem først og fremst for Tomas si skuld, sjølv om avsnittet endar med å fortelje at Jesus også gjorde mange andre teikn for augo på discipline, men som ikkje er nedskrivne her.¹⁶⁶

I det føregåande kapittelet nyttta han ord og uttrykk som vanskeleg, tvil, usikker, liten og veik, feig og svikta, når han «tenkjer høgt» rundt det å velja å tru på Gud, og han nyttar Peter som hovudeksempelet på ein som gjorde alt dette, men som likevel fekk ein prominent plass i den fyrste kyrkja. Det kan verka som om han med dette ynskjer å ufarleggjere kjensla av å ikkje «klare» å tru, å vera usikker og å skifta mellom tru og tvil. Intensjonen er god, for kjenslelivet og truslivet vårt har oppsving og nedturar heile livet igjennom, og då er det trygt for dåpskandidaten å kunna lita på at Gud har rom for henne i kyrkja likevel. Men om ein ser på nærkonteksten til det sitatet som Leer-Salvesen avsluttar kapittelet med, så har det ingen samanheng med historia om Peter, og handlar heller om omvending, enn om tvil.

Ved fyrste augekast, så kan det sjå ut som om Jesus i denne teksten gjev Tomas den vissheita som Leer-Salvesen reknar med at dåpskandidaten og ynskjer seg. Indirekte seier Jesus, «du får det du ynskte deg, Tomas». Dette gjer han av omtanke for Tomas, men det kan og synest som ei lita irettesetjing. Og ser ein på samanhengen sitatet er henta frå, finn ein i forlenginga av teksten vår både ei åtvaring og ei irettesetjing.¹⁶⁷ Det ville vore betre for Tomas om han hadde hugsa det Jesus hadde lært dei om at ein ikkje kan sjå Guds rike med

¹⁶⁵ Joh. 20, 19.

¹⁶⁶ Joh. 20, 30.

¹⁶⁷ Thoralf Gilbrant, red., *Studiebibelen Vol. II*, (Oslo: Illustrert Bibelleksikon A/S, 1978), 735.

augo¹⁶⁸, og truud vitnemålet til dei andre disiplane. For, seier Jesus, «sæle dei som ikkje ser, og endå trur.»¹⁶⁹

Kanskje er det godt at lesaren ikkje får med seg denne delen av historia, då den nok ville vege opp for Leer-Salvesen sitt forsøk på å faktisk tillate tvil i møte med Gud. For om tru ikkje er «å vere heilt hundre prosent sikker»¹⁷⁰, slik han seier det i dette kapittelet, så er det kanskje ingen god ide å forsøke å støtte opp om det argumentet med eit eksempel på ein som ikkje ville tru utan bevis, og som av Jesus sjølv fekk det beviset han etterlyste.

Eg har no forsøkt å vise korleis Leer-Salvesen sin bibelbruk i *Eit ja* viker av frå bibelsynet til Dnk, og til tider er direkte forvirrande. Ikkje nødvendigvis i det at han let lesarane av *Eit ja* sitje igjen med feil lære, for me kan kalle Gud far, og me har lov til å tvile. Men måten han nyttar bibeltekstane, stemmer ikkje overeins med den tradisjonelle bruken og tolkinga av dei. Ein kan ikkje seie at bibelsitata Leer-Salvesen nyttar gjev eit feil bilet av Gud, for vi trur det vi les i Bibelen om at vi er Guds born, og vi bøyer oss for Faderen. Og vi trur at Jesus let Tomas kjenne på såra hans, og ved det vart overtydd om at Jesus var den oppstadne Herre og Gud. Men som eg har vist ovanfor, så seier desse tekstane meir, og også noko anna enn det, og dette går lesaren av *Eit ja* glipp av. Like viktig er det å tenkje på at denne tilsynelatande tilfeldige måten å nyttta bibelsitat på, og vil kunna prega måten lesaren seinare vil forholda seg til Bibelen.

4.3.3 *Gudsbilete*

Dnk lærer om Bibelen at den er Guds ord. Det at Guds ord i Bibelen er uforanderleg, viser oss ein Gud som gjennom ordet sitt er reelt til stades i vår skapte verd, som er konstant, som ikkje skiftar. Når Leer-Salvesen i *Eit ja* noko ureflektert nyttar bibelsitat i undervisninga si utan å ta omsyn til korleis resten av kyrkja forstår dei, og kanskje til og med gjev bibelteksten ei anna tyding enn det som tradisjonelt sett er kyrkja si tyding av teksten, meiner eg at han ved det implisitte seier at Gud har karakter av å vera skiftande. Om tydinga av Guds ord endrar seg ut frå samanhengen ein les det i, vil nødvendigvis Gud også endre seg ut frå kva vinkel ein ser på Gud frå. Då må me spørje: Om Gud er skiftande, kan Gud då vera evig den same? Og om svaret på dette spørsmålet er «nei», så må me spørje vidare: Kan me stole på Gud og Guds løfter? I det me må byrje å forsikre oss om at me kan stole på Gud, og om at me kan stole på Guds ord, så dannar me eit bilet av ein Gud som ikkje er forutsigbar, som me

¹⁶⁸ Luk 17, 21.

¹⁶⁹ Joh 20, 27.

¹⁷⁰ Leer-Salvesen, *Eit ja*, 18.

ikkje veit om er til å lita på. I sin ytste konsekvens framstiller dette ein Gud som er til stades i liva våre som ein innhaldslaus og skiftande substans, og som me menneske i utstrekkt grad kan kontrollera sjølve ved å legge til eller trekke frå meininger og eigenskapar, og hvis utsegn kan takast til inntekt for alle typar mennesketankar¹⁷¹. Leer-Salvesen er cand. theol. frå Universitetet i Oslo, har arbeidd som fengselsprest i ei rekke år, og har skrive ei doktoravhandling om drapsdømte sitt forhold til synd og skuld, og i det at han har denne faglege bakgrunnen, trur nok ikkje at det er Leer-Salvesen sin intensjon å framstille Gud slik. Kanskje er han ikkje ein gong bevisst på at han kan forståast slik heller. Men om Bibelen er ordet til den guden som eg har beskrive ovanfor, så har den ikkje har anna autoritet enn den den får når Gud i ein gjeven situasjon vel å tale til oss gjennom enkelthistorier eller –sitat, og ikkje ein gong då kan denne guden sitt ord seiast å ha særleg autoritet anna enn i augneblinken.

Snur ein argumentet ovanfor på hovudet og seier at Gud *er* konstant av vesen, så gjev det oss ikkje nødvendigvis ein Gud me kan forstå, men ein Gud me kan stole på. Og hvis *ord* me kan stole på. Er Gud konstant, og Bibelen er Guds ord, kan det ikkje diskuterast *om* Gud talar gjennom Bibelen, berre korleis Guds ord skal eller kan tolkast og forståast. Det gjev oss ein Gud som gjev oss livet i det at han let oss verta til, og som ved ord og element gjer oss til sine born i dåpen. Og om me kan stola på løfta ved døypefonten, så kan me i forlenginga av dåpen stola på lovnadane me får både i dåpen og i Bibelen, om del i Jesu oppstode frå dei døde, og om livet med Gud både no og etter døden. Vidare kan ein argumentere at den døypte, den som i dåpen har vorte Guds barn.

Det er og ei anna interessant sak eg tenkjer at bør takast med i denne samanhengen. Leer-Salvesen fortel i kapittel to at kyrkja er ein stad der me kan «høyre» Guds ord¹⁷². Men kva meiner Leer-Salvesen med å nytta anførselsteikn og skrive at me «høyrer» Guds ord i gudstenesta? Her dukkar det opp mange spørsmål. Høyrer vi ikkje Guds ord med øyrene? Høyrer vi menneskeord med øyrene og Guds ord «med hjarta» (eller ein annan kroppsdel)? Høyrer vi Guds ord, forstått som at det er Gud som talar gjennom liturgen, slik at liturgen blir ein slags megafon og det høyrest ut som om Gud har menneskestemme?¹⁷³ *Høyrer* vi det Gud vil fortelje oss gjennom det liturgen seier, altså Guds generelle intensjon med innhaldet i orda vi høyrer? Eller meiner han at Gud kan tale gjennom det som vert sagt -om Gud vil? Og

¹⁷¹ Noko som stadig blir gjort, og som kan forklare, eller eventuelt bortforklare, dei fryktelegaste handlingar gjort mot dei svake og forsvarslause. Jamfør det som hende i kyrkja i Tyskland på 1930- og 1940-talet.

¹⁷² Leer-Salvesen, *Eit ja*, 17.

¹⁷³ Jamfør verbalinspirasjonstanken.

vidare kan ein spørje seg: Er Bibelen berre Guds ord om vi trur at det er det, eller er Bibelen Guds ord uansett om ein trur det eller ikkje? Er det spesielle kriterium som må oppfyllast for at me skal kunne høyre Guds ord? Og kva tyder det at Guds ord er *midt bland* dei menneskelige orda i Bibelen og i gudstenesta?

I og med sin bruk av «proof texting» legitimerer Leer-Salvesen at han ikkje treng å sjå på konteksten til ein tekst før han nyttar den til inntekt for sitt eige syn. Eg har vanskeleg for å skjøna korleis han som teolog og prest i Dnk kan forsvare denne tankemåten, for måten han nyttar bibelsitata på vitnar om at han tenkjer at Bibelen er menneskeskapte ord som fortel om menneskelege og jordiske ting. Men om Gud kan velja seg ut enkelte av desse orda for å fortelje oss menneske noko, vil i så fall dette kunne forklare kvifor Leer-Salvesen seier at Guds ord er «midt bland»¹⁷⁴ dei menneskelige orda. Guds ord er der berre om Gud *vil* det.

Dette biletet av Gud som implisitt kjem fram gjennom måten han omhandlar Bibelen på, viser oss ein ganske annan Gud enn den Leer-Salvesen gjennom heile *Eit ja* ynskjer å presentere. Med orda sine teiknar han eit bilet av Gud som omsorgsfull, oppmerksam og trygg, som er nær, og som er til å stole på. Men som eg har vist ovanfor er det kanskje ikkje dette biletet som sit igjen, om ein går heilheita nærare etter.

4.3.4 *Oppsummering*

No har eg teke for meg Leer-Salvesen sitt skriftsyn, bibelbruk og gudsbilete, og sett på korleis alle desse tre er prega av tanken om at fellesskapen er det som bærer i møte med Gud. Måten han nyttar bibelsitat utan å ta omsyn til samanhengen dei er henta frå, gjer at det kan synest som om han ser Bibelen som Guds ord kunn når Gud konkret taler gjennom den, og at gudstenesta er ein stad det me høyrer Guds ord, om enn tydinga han legg i uttrykket han nyttar for å forklare dette blir noko uklår når han set ordet «høyrer» i anførselsteikn. Vidare har eg og sett på bibelbruken hans, og gjennom det fått bekrefta det eg antok i avsnittet om skriftsyn, nemleg at Leer-Salvesen i *Eit ja* i nokså liten grad tek omsyn til den tradisjonelle tolkinga av tekstane han nyttar. Til sist har eg forsøkt å visa det gudsbletet Leer-Salvesen skapar ved å behandle bibeltekstane slik.

Gjennom dette arbeidet fann eg at den noko lause bruken hans av bibelteksten skapar eit bilet av ein Gud som ikkje er konstant, og hvis ord då heller ikkje kan vera konstant. Dette skapar ein avstand mellom den døypte og Gud, i det at orda til denne guden ikkje er til å stola på. Gud skapar ikkje noko tillitsforhold til enkeltindividet, men har eit meir lauseleg forhold til kyrkjelyden som eit heile.

¹⁷⁴ Leer-Salvesen, *Eit ja*, 17.

4.4 Trua sine kjerneord

Eit ja nyttar nemningane *døypt, kristen og frelst* om ein annan, og her kan desse tre orda forståast nesten som synonym. Sjølv om det teologiske innhaldet i orda er nært knytt saman, så kan ikkje orda ureflektert bytast ut med kvarandre utan å endre det teologiske innhaldet i teksten dei vert nytta i. Det er gjennomgåande i heile heftet at Leer-Salvesen nyttar tungt meiningsberande ord utan å forklare dei, og når han gjer dette så gjer det i praksis at lesaren må inneha ei stor mengd teologisk kunnskap for å klare å forstå kva Leer-Salvesen ynskjer å formidle når han nyttar desse orda i teksten. For å konkretisere kva eg viser til, vil eg ta for meg to av dei orda eg i innleiinga av detta kapittelet nemnde som det Leer-Salvesen ser som Guds gåver i dåpen, nåde og frelse. Eg vil og ta føre meg Leer-Salvesen sin bruk av ordet synd, då dette ofte førekjem i teksten, men utan noko vidare forklaring.

Ein kan hevde at alle trua sine kjerneord vert meiningslause merkelappar om det ingen stader blir forklart kva dei inneber og kvifor me treng eit eige språk for å omtala kjerna i kristentrua. I kvalifisert forstand kan ein nytt uttrykket ein vert frelst i dåpen, men innhaldet i setninga gjev inga mening om ein ikkje veit kva orda frelse og dåp inneber. Eit kvart fagfelt har sitt eige fagspråk, og slik er det og med teologien. Men sidan teologi ikkje er noko eksakt vitskap, er det her større rom for motstridande tolkingar enn i til dømes matematikk. Og difor meiner eg at det er viktig å bringe på det reine kva Leer-Salvesen sin bruk av dei teologiske kjerneorda inneber og kva han formidlar til lesaren sin ved bruken av dei.

Kva Leer-Salvesen meiner om den individuelle vedkjenninga, vil nødvendigvis påverka korleis han omhandlar og bruker dei kristne kjerneorda. Om han heldt fram at den individuelle vedkjenninga og kvart menneske sitt individuelle forholdet til Gud ikkje viktig, av di den enkelte hovudsakleg er ein del av den store hopen som Gud forheldt seg til, så er heller ikkje dei teologisk tungt meiningsberande orda spesielt viktige. Då vil dei ikkje trenge verken forklaring eller utdjuping på individnivå, av di dei er meiningslause for enkeltindividet. Då blir både nåden og frelsa universelle storleikar.

Om den individuelle vedkjenninga likevel er av betyding, slik vedkjenningsskriftene legg det fram, er det viktig at individet er kjend med kva desse uttrykka tyder og inneber, for dei kristne kjerneorda presenterer nettopp grunnen til at vi kan vedkjenne oss den treeinige Gud, og kva dette inneber for den enkelte.

Det er litt annleis med nemninga «synd», for sjølv om ein heilt klart kan seie at noko synd er det fellesskapen, til dømes heile folkegrupper eller samfunnslag¹⁷⁵, som begår, så er

¹⁷⁵ Jamfør folkemord, rasisme, osb.

nemninga «synd» likevel noko ein i større grad kan plassere på individnivå, noko Leer-Salvesen og gjer.

Difor vil eg her kort ta føre meg tre av dei nemningane Leer-Salvesen gjentekne gonger nyttar i *Eit ja*, og presentere kva Dnk sine vedkjenningskrifter og Leer-Salvesen i *Eit ja* seier om dei. Som eksempel har eg vald meg ut tre av gåvene som Leer-Salvesen skriv at me får i dåpen. Han skriv gjentekne gonger *om* desse tre gåvene, men likevel gjev han lite eller inga forklaring på kva orda tyder og kva desse gåvene inneber, noko som i praksis krev at lesaren må inneha relativt stor teologisk kunnskap for å begripe meiningsinnhaldet i Leer-Salvesen skriv om gåvene i dåpen.

4.4.1 Nåde

Som sitert i kapittel to om luthersk dåpsteologi, definerer Store norske leksikon nåde slik: «[et] uttrykk for Guds kjærighet som for Kristi skyld lar nåde gå for rett, fritar de skyldige for den fortjente straff, tilgir dem og tilbyr dem evig liv i sitt rike»¹⁷⁶. Dette summerer på ein god måte opp det Luther skriv om nåde i sin vesle katekisme¹⁷⁷. Han nyttar ordet nåde (tysk: Gnade) på ein måte som på norsk tilnærmedsvis kan erstattast av ordet ubetinga godhet. Meiningsinnhaldet i ordet nåde, er at Gud ikkje krev vederlag for gåvene som vert tilbode oss. Guds gåver er uttrykk for Guds godhet, og Gud gjev oss av sin godhet¹⁷⁸, og me menneske kan få ta imot dei gåvene Gud i sin godhet vil gje oss, utan å måtta koma med gjenytingar eller betaling.

Både Apostolicum (implisitt) og Nicaenum seier at me i dåpen får forlating for syndene, og NC nemner og at dåpen gjev oss eit liv i den komande verda. I sin vesle katekisme spesifiserer Luther, slik som eg og har nemnt i kapittel to, at alle døypete som trur på Guds løfter i dåpen, får forlating for syndene, frelse frå død og djevel, og evig sæle.¹⁷⁹ Alle desse tre forutset at det eg har nemnt ovanfor, det me kallar Guds gåver, vert tilbode oss «av nåde», altså utan krav om vederlag og av di Gud er god og vil oss vel.

Når Leer-Salvesen i kapittel ni i *Eit ja* forklarer ordet nåde, skriv han «Nåde tyder at noko er gratis, ei gave vi får utan å fortene ho¹⁸⁰», og utdjupar med å seie at me ikkje blir

¹⁷⁶ Store norske leksikon, «Nåde – teologi», tilgjengeleg på <http://snl.no/n%C3%A5de/teologi>, vitja 30.11.12.

¹⁷⁷ Mæland, *Konkordieboken*, 281.

¹⁷⁸ Ved å seie at Gud gir oss *av sin godhet* meiner eg at Gud let oss få *del i* Guds godhet. Guds gåver til oss (t.d. forlating for syndene, liv og sæle, jamfør. LK «Om dåpen») er delar av Guds vesen, av Guds godhet, som me vederlagsfritt får og som me kan ta imot og implementere i liva våre.

¹⁷⁹ Mæland, *Konkordieboken*, 288.

¹⁸⁰ Leer-Salvesen, *Eit ja*, 38.

frelste av di me er flinke til å fylgje reglane, men av di Gud viser nåde og tek imot oss slik som me er. I teksten like før har han avkrefta tanken om at kristendommen berre er reglar, forbod og påbod, og han fortset vidare med å gjera lesaren bevisst på at sjølv om Gud ikkje stiller kriterium for å få ta imot gåvene, så set dei likevel enkelte premiss for korleis den døypte kan leva om han eller ho vil bli i Guds nåde. Ytterligare forvirrande er det når han avsluttar avsnittet med å og kalle det at Gud gjev oss i oppdrag å elske kvarande, for nåde.

Biletet om nåden som noko gratis (noko som ikkje skal betalast for) er ikkje ukjent, og det er jo og slik det opprinnlege latinske framordnet vert nytta i norsk språk i dag. Men det verkar forvirrande når Leer-Salvesen vel å presentere uttrykket i midt i tankerekka hans om etterfølgings- og gjerningsperspektivet i dåpen, for samanhengen som han presenterer nåden i, gjer tvert imot at det er lett å tenkja at nåden heng tettare saman med gjerningane våre enn det den i luthersk teologi lærer at den gjer.

Ut frå Leer-Salvesen si forklaring i *Eit ja* så kan me ikkje gjere oss fortente til nåden ved gjerningar, men me må i etterkant betala for den ved gjerningar. Nok ein gong så trur eg ikkje det var Leer-Salvesen sin intensjon å her framstille ein slik teologi, men resultatet blir like fullt at lesaren sit igjen med inntrykket av at Guds vederlagsfrie gåver likevel ikkje er vederlagsfrie, og at nåden er gratis å anskaffe seg men dyr å ha på avbetaling, med den konsekvens at vi blir fråtekne nåden om vi ikkje klarar å leve rett.

Kva seier då Leer-Salvesen sin bruk av dei kristne kjerneorda? Og kva seier denne bruken om Kva Leer-Salvesen meiner at den personlige vedkjennings må leggast til grunn for drøftinga av bruken av dei kristne kjerneorda i *Eit ja*. Om den personlege vedkjennings og det *personlege* forholdet til Gud ikkje viktig av di den enkelte berre er ein del av den store hopen som Gud forheldt seg til, så er heller ikkje dei theologisk tungt meiningsberande orda viktige, og verken har eller treng forklaring og utdjuping, då dei blir meiningslause for det enkelte individet.

4.4.2 Frelse

Å verta frelst er å verta sett fri, og i kristen kontekst handlar det om å verta sett fri frå synda og døden si makt. I sin vesle katekisme knyter Luther frelsa til det dåpen, og seier at det er her me får forlating for syndene, frelse frå død og djevel, og evig sæle. Det vonde har ikkje lenger noko makt over oss etter at me har vorte døypte. Det tyder ikkje at me ikkje vil koma til å synda, men at Gud si tilgjeving grip inn i og verkar igjennom heile livet, slik at me ikkje

blir straffa for missgjerningane våre og dør, ¹⁸¹ men får leva som Guds born -både her og i æva.

Leer-Salvesen omhandlar frelsa fleire stader i *Eit ja*, og knyter den opp til Jesu person. I kapittel fem samanfattar han heile innhaldet i den andre trusartikkelen til «Eg trur at Gud sende Jesus Kristus til frelsa for verda.¹⁸²», og siterer Joh. 14,6-7 der Jesus seier «Eg er vegen, sanninga og livet. Ingen kjem til Far utan gjennom meg.», og i kapittel åtte tek han opp att dette og referer til fleire stader i Bibelen der Jesus vert omtala som frelsar. I kapittel ni slår han fast at det ikkje er gjerningane våre men Guds nåde¹⁸³ som gjer at me vert frelse.¹⁸⁴ Der NC og LK klårt heldt fram dåpen som staden der ein ved Guds nåde vert frelst, utelet Leer-Salvesen dåpen frå samanhengen. Han fortel om nåden som ei gav vi får heilt gratis¹⁸⁵, legg denne til grunn for at me vert frelse, men forklarer ikkje samanhengen mellom Jesu død (og oppstode) og Guds nådige tilgjeving av syndene våre. Ei heller forklrar han kvifor syndene våre øydelegger forholdet vårt til Gud eller kva konsekvens dette får for oss.

4.4.3 *Synd*

Det er gjennomgåande i Luther sin vesle katekisme at synd vert framstilt som vonde gjerningar retta mot andre menneske, altså å ikkje leve etter Guds vilje slik me finn den i Dei ti bod. Det er og tydeleg at synd er både det me gjer og det me let vera å gjera. Luther oppmodar sterkt til ikkje berre å avstå frå å skade eller svike andre, men og til å hjelpe og gjere gode gjerningar for andre. Ingen stad i LK framstiller Luther synd som noko som er retta mot eller går ut over Gud, berre mot Guds skaparverk. Derimot er konsekvensen av å synda at det vonde, skaden, me gjer mot Guds skapning, går ut over forholdet vårt til Gud sjølv.

CA art. II «Om arvesynda» skriv at alle menneske¹⁸⁶ blir fødde med synd. Synd vert der definert som: utan frykt for og tillit til Gud, og med begjær. Vidare vert det her spesifisert at arvesynd verkeleg er synd, og at med mindre ein blir fødd igjen av Den heilage ande i dåpen, fører den med seg evig død og fordømming.

¹⁸¹ Ikkje får del i Guds rike der det vonde ikkje har noko makt.

¹⁸² Leer-Salvesen, *Eit ja*, 24.

¹⁸³ Nåde er her forstått som godhet og blir ikkje gjort avhengig av dåp eller syndsforlating.

¹⁸⁴ Leer-Salvesen skriv her at vi blir frelse av di «Gud viser nåde og tek imot oss slik som vi er». Han gjev ikkje frelsa eit subjekt men omtalar den som ein eigen størrelse som er uavhengig av Guds handling.

¹⁸⁵ Gratis er her forstått som «utan å måtte betale for det». Det er ikkje klårt kvar ein får denne gåva.

¹⁸⁶ Mæland, *Konkordieboken*, 29. Som er forplanta på naturleg vis etter Adams fall.

Leer-Salvesen skriv at det fins to typar synd, nemleg arvesynd og synd me er medvitne om, og fortel at det er dette Luther snakkar om når han beskrev oss menneske som innkrøkte i oss sjølve. Av og til gjer me bevisst gale ting, men andre gonger er det denne ulykksalige hangen til det vonde som slår til. Leer-Salvesen i kapittel to i *Eit ja* skriv at «Arvesynda er ikkje noko vi gjer, men noko vi er»¹⁸⁷, og at denne «arven på godt og vondt»¹⁸⁸ gjer at me treng Guds frigjevande frelse gjennom Jesus Kristus, og at nemninga synd først og fremst seier noko om mennesket sitt forhold til Gud¹⁸⁹. I det tek han implisitt bort det ansvaret som Luther og forfattarane av CA held fram at me menneske har, for å gjera det som er rett ovanfor andre menneske, og at det er *slik* me skal forstå synd.

Synd må nødvendigvis gå ut over nokon. Ordet synd får inga mening om syndaren ikkje får stå til ansvar for gjerningane sine. Og om ein kan fråskriva seg ansvaret for gjerningane sine, vil det gjelde for og påverke forholdet vårt til Gud på alle plan, ikkje berre syndsperspektivet.

4.4.4 *Oppsummering*

Om me misser sjølvbestemmelsesretten vår så kan me heller ikkje haldast ansvarlege for gjerningane våre, verken dei gode eller dei vonde, og den frie vilje vert intetsigande i det at den ikkje får nokon konsekvens i forholdet vårt til Gud. Då vil me ikkje ha noko individuell identitet, og me kan heller ikkje haldast ansvarlege for vala og liva våre. Slik Leer-Salvesen nyttar dei teologiske kjerneorda, som om innhaldet i dei ikkje eigentleg angår individet men berre kyrkjelyden som eit heile, så annullerer han behovet for tilgjeving, og nemmingane nåde og frelse misser innhaldet sitt i møte med enkeltindividet. Dette er stikk i strid med den klassisk lutherske teologi som på det sterkeste heldt fram behovet for individuell vedkjenning og tilslutning til løfteorda i dåpen for å få tilgang til forlatinga av synd og skuld, og frelsa i nåden. Vedkjenningsskriftene i Dnk er klare på at dåpen er staden å hente denne, men dette kjem ikkje tydeleg fram hjå Leer-Salvesen.

4.5 Dåpen som teikn

To stadar i kapittel to i *Eit ja* omtalar Leer-Salvesen dåpen som eit «teikn på...»¹⁹⁰, og ikkje noko konkret beskrivande av, forholdet mellom den døypte og Gud. Difor vil eg har sjå

¹⁸⁷ Leer-Salvesen, *Eit ja*, 14.

¹⁸⁸ Leer-Salvesen, *Eit ja*, 14.

¹⁸⁹ Leer-Salvesen, *Eit ja*, 14.

¹⁹⁰ Leer-Salvesen, *Eit ja*, 15.

nærare på Leer-Salvesen sin tanke om at dåpen som eit teikn, då eg ser dette som vanskelig foreinleg med det tydelege fokuset som lutherske teologi har på dåpen som ein ny fødsel.

Vedkjenningsskriftene til Dnk lærer at kyrkja har to sakrament, dåpen og nattverden. Dei består begge av ord og element, i dåpen sitt tilfelle ord og vatn. LK definerer dåpssakramentet i fjerde parten «Om dåpen», tredje spørsmålet. Her knyt Luther vatn, ord og tru uløyseleg saman, og set Den heilage ande som subjekt i dåpshandlinga. Gud er den som handlar i dåpen, og her blir me fødde på ny ved Den heilage ande. I Dnk sin dåpstteologi slik vi finn den i vedkjenningsskriftene, er dåpen konkret ikkje berre i det at det er ei konkret hending i tid og rom, men og i at det er der me blir Guds born og det nye livet startar. Me er fortsatt underlagde synda, men har likevel byrja på det nye livet og er rettferdige for Gud.¹⁹¹

Leer-Salvesen omtalar dåpen som eit teikn på¹⁹² at eg ikkje er åleine, at Gud ser meg, og at eg høyrer saman med Gud på livstid. Igjen knyt han dåpen opp til fellesskapen i kyrkjelyden, og skriv at eg er meg sjølv også etterpå, for dåpen handlar om «å få ein ny plass i fellesskapen med Jesus og alle kristne»¹⁹³. Vidare skriv han at «Eg vert Guds barn på ein ny måte i dåpen», at «Gud som tek imot meg i dåpen, vil også vere min Gud resten av livet», og at «I tekstane om dåpen er poenget at vi får lov til å kalle oss Guds born.»¹⁹⁴

Ingen annan stad enn i den siterte dåpsliturgien skriv Leer-Salvesen at vi blir Guds barn i dåpen. Om ein ser på ordbruken hans, så kan det i staden synest som om han tolkar dette meir i åndeleg forstand. Han knyter ikkje sjølv noko av det til dåpen, som CA IX lister som dåpens gåver. I kapittel seks skriv han at «saman med det som vert lese og sagt i kyrkja, er vatnet vi får i dåpen, ei kjelde som gjev oss del i Guds nåde»¹⁹⁵, og at kyrkja kallar dåpen eit nådemiddel.

I same avsnittet skriv han at dåpen vert kalla eit «sakrament». Og her, lik då han i kapittel tre snakka om å «høyre» Guds ord, så nyttar han anførselsteikn rundt det viktige ordet i samanhengen. Ut frå samanhengen er det vanskeleg å skjøna om Leer-Salvesen ikkje sjølv reknar dåpen som eit sakrament eller om han stiller spørsmålsteikn ved om kyrkja kallar den eit sakrament. Han gjer det same i neste leddsetning, og set forklaringa til ordet i anførselsteikn. Og kva meiner han så med det? Trur han ikkje på si eiga forklaring?

¹⁹¹ *Simul justus et peccator.*

¹⁹² Leer-Salvesen, *Eit ja*, 15, to forskjelle ge stader.

¹⁹³ Leer-Salvesen, *Eit ja*, 13.

¹⁹⁴ Leer-Salvesen, *Eit ja*, 13.

¹⁹⁵ Leer-Salvesen, *Eit ja*, 27.

Leer-Salvesen har manglande vekt på den materielle konkretiseringa av nådemidla, noko som stemmer overeins med at han har ein tendens til å tolka det meste i åndeleg forstand. Dåpen går då over frå å vera Guds gjerning til å bli ein menneskegjerning, i det at i kva grad dåpen er reell og verksam avheng av vår eiga tru i dåpsaugneblinken. Luther held derimot fast at tru heng saman med dåp, og seier i LK at dåpen blir verksam når ein trur på løfteorda i dåpen, men at Guds gjerning i dåpen er reell uavhengig av tru.

4.5.1 *Oppsummering*

Leer-Salvesen skriv i kapittel to i *Eit ja* dåpen berre skjer ein gong¹⁹⁶, at «dåpen er eit teikn på at eg høyrer saman med Gud på livstid»¹⁹⁷ og at me i dåpen blir «Guds barn på ein ny måte»¹⁹⁸. Dette kan berre skjønast som om at me høyrer saman med Gud allereie før me vert døypte, og at me difor døyper av di me er Guds born. Han hevdar at det ikkje hender noko konkret nytt med oss i dåpen, men at valet vårt om å verta døypte, eventuelt om å lata borna vore verta døypte¹⁹⁹, er eit bevisst val, og i så måte vert oppfatta som ei vedkjenningshandling ovanfor Gud og menneske. Dette står i kontrast til Luther si enkle utlegging av dåpen som eit bad der ein vert fødd på ny ved Den heilage ande, som sakramentet der Gud gjev oss forlating for syndene, frelse frå død og djevel, som staden der me vert Guds born, noko som ingen stad er nemnt i *Eit ja*.

Når me ser på språket han nyttar når han omtalar dåpen, så vert det tydeleg at teologien til Leer-Salvesen fell saman med det metodistiske dåpssynet som seier at me døyper borna av di dei *er* Guds born. Dåpen fører ikkje med seg noko konkret nyskaping, men er ei åndeleg vedkjenningshandling. Dette dåpssynet kan nødvendigvis ikkje leggast til grunn for undervisning om dåp i *Eit ja*, Dnk sitt undervisningsmaterialet om dåp.

4.6 Kontekstualisering og grafisk design

Slik eg ser det, så er det stort rom for forbetrинг i *Eit ja*, både når det gjeld innhaldet og presentasjonen. Dei innhaldsmessige innvendingane har eg allereie teke føre meg ovanfor, så her til sist i denne drøftinga vil eg kort røre ved nemninga kontekstualisering og tenke litt kring presentasjonen, layouten, i *Eit ja*, og lufte nokre tankar om korleis denne påverkar korleis undervisninga vert oppfatta.

¹⁹⁶ Leer-Salvesen, *Eit ja*, 13.

¹⁹⁷ Leer-Salvesen, *Eit ja*, 15.

¹⁹⁸ Leer-Salvesen, *Inn i kirken*, 13.

¹⁹⁹ Dåp av born er ikkje problematisk i metodistisk dåpsteologi, for dei *er* allereie Guds born.

Med unntak av kjerneorda i trua²⁰⁰, så nyttar Leer-Salvesen eit enkelt og forståeleg språk gjennom heile heftet. Han nyttar konkrete eksempel berekna på å nå ungdom og unge vaksne, og tek opp tema han med relativt stor sikkerhet kan anta at dei er opptekne av.

Likevel kan det synest som om Leer-Salvesen sitt ynskje om å gjere dåpen tiltrekkjande for lesaren, gjer at han kanskje drar strikken så langt for å ufarleggjere den, at resultatet blir ein dåp utan særleg innhald.

Fyrsteinntrykket kan ein berre gje ein gong, difor legg ein ofte ned mykje arbeid i å presentere seg sjølv positivt. Slik er det også med framlegging av informasjon. Skal ein undervise om brannføreskrifter og –sikkerhet, er det nyttig å vise biletet av dei konkrete hjelphemidla og hendingane som ein tek opp i den samanhengen, som gjev tilhøyraren ei konkret og positiv oppleving av sjølve presentasjonen, og som konsekvens av det gjer at tilhøyraren er positiv til innhaldet i den. Ei skriftleg framlegging tek og mål av seg å formidle noko, og ein forfattar ynskjer sjølvsagt at lesaren skal forstå og få med seg det han ynskjer å formidla. Med dette målet for auga er biletet og skriftypar nyttige hjelphemiddel, og er ein av grunnane til at forlaga har eigne tilsette som kunn arbeider med layout. Slik også i IKO-forlag som har gjeve ut *Eit ja*, og før det *Inn i kirken*.

Eit ja kom ut i 2002 og er ti år gamalt i år, 2012, når denne oppgåva vert skriven. *Inn i kirken*, heftet som gjekk føre *Eit ja*, kom ut i 1990 og er eit enno tydelegare eksempel på det me skal sjå på under.

Slik ein må kontekstualisere innhaldet i forkynning og undervisning for å gjera det tilgjengeleg for mottakarane, tenkjer ein og kontekstualisering når det gjeld presentasjonen av stoffet. Ser ein på liknande bøker frå byrjinga av 2000-talet vil eg tru at ein finn at layouten i *Eit ja* nok var moderne og ikkje skilde seg ut på noko vis då det vert utgjeve fyrste gongen. Naturleg nok har den estetiske norma for litteratur som er mynta på ungdom endra seg mykje på ti år, sjå berre på korleis skulebøkene som konfirmantrinnet no nyttar ser ut i forhold til korleis dei som vart trykte på byrjinga av 2000-talet. Eg har all mogeleg forståing for at ein ikkje kan skifte ut alle biletet og endre fargar og typar i undervisningsbøker kvar gong det er eit skifte i mote, men der er enkelte enkle grep som kan takast utan for store utfordringar.

Som eit relevant eksempel på dette vil eg nemne det produsenten av konfirmandundervisningsopplegget *Con Dios* har gjort for å koma dette problemet i møte. Konseptet *Con Dios*, som består no består av eit undervisningshefte, leiarrettleiing, ein nettstad og ei andakts- og kokebok, er opprinneleg svensk, men er oversett til norsk og kjem i

²⁰⁰ Sjå avsnittet om trua sine kjerneord i dette kapittelet.

Noreg ut på Det norske bibelselskap sitt forlag Verbum. *Con Dios* kom fyrste gong ut på norsk i 2005 og heftet har heile tida hatt format som eit magasin, med glansa forside, sterke fargar, og mange og store biletar. Ei revidert utgåve kom ut i 2011, og det har vore eit andre opplag i mellomtida. Innhaldet i det to første opplaga var utan store endringar, 2011 utgåva har vore grundig revidert og det har blant anna vorte lagt til eit nytt kapittel om dåp. Men det viktigaste i denne samanhengen er at alle desse har hatt forskjellege cover. Alle tre forsidene er forskjellige, og har i alle utgåvene vore tilpassa moten og layoutstilen i det året dei respektive utgåvene kom ut.

4.6.1 Oppsummering

Målet mitt med denne vesle utgreiinga er å peike på at så enkelt, og likevel uhyre effektivt, kan det vera å gje lesarane eit positivt fyrsteinntrykk av undervisningsheftet, og undervisninga i det, som noko som fortsatt er moderne og relevant. Ein skulle og tru at dette økonomisk sett vil vera relativt uproblematisk. Eit eksempel til etterfølging, i streben etter å gjere lesaropplevinga i møte med dåpsundervisninga lystbetont og framstilla materialet som relevant og oppdatert. Sjølvsagt ville det medføre noko meir arbeid ved kvart nye opplag, men så lenge innhaldet er godt og tenleg, vil eg hevde at det med tanke på målet med heftet, ville vera vel anvendte ressursar.

4.7 Konklusjon

I dette kapittelet har eg teke føre meg nokre av dei innvendingane eg i kapittel tre fann til teologien i Leer-Salvesen sitt hefte *Eit ja*, og drøfta desse med tanke på å prøve å finne kva han meiner med uttrykket «å bli Guds barn i dåpen». Då det er dei som er rettesnorene våre i møte med teologiske spørsmål i Dnk, har eg lagt vedkjenningskriftene åt Dnk, og klassisk luthersk dåpsteologi slik vi finn den her, til grunn for dei teologiske drøftingane i dette kapittelet.

Uttrykket «Guds barn i dåpen» finn ein fleire stader i *Eit ja*, men Leer-Salvesen si tolking av uttrykket er sterkt prega av synet hans på kyrkjelydsfellesskapen som det berande i den døypte sitt forhold til Gud. Det er gjennomgåande at Leer-Salvesen ser fellesskapen som løysinga og redninga i møte med tanken om at den enkelte sjølv står i eit ansvarsforhold til Gud, og det kan synest på grensa til påtakelag at han gøymer bort dei delane av luthersk teologi som utfordrar enkeltindividet, og berre forheldt seg til kyrkjelyd og fellesskap som staden der Gudsrelasjonen finn stad.

Eg har også teke for meg Leer-Salvesen sin bibel- og språkbruk. Bibelbruken i *Eit ja* seier oss noko om skriftsynet og gudsbiletet hans, men fungerer i praksis og som ein mal for

korleis Bibelen kan, eller skal lesast. Leer-Salvesen sin bruk av dei teologisk tungt meiningsberande orda er i *Eit ja* er og bemerkelsesverdig. Orda synest å missa meinингa si, i det at Leer-Salvesen verken forklarer dei eller ser ut til å nytte dei slik det er vanleg i klassisk luthersk forstand.

Eg har og sett på det at Leer-Salvesen omtalar dåpen som eit teikn, og at dette drar dåpsteologien hans i retning av eit metodistisk dåpssyn.

Til sist har eg drøfta i kva grad presentasjonen av undervisninga som vert gjeven i *Eit ja* hjelper til med å fylle heftet sitt interne formål om å presentere dåpen for dåpskandidaten på ein god og hensiktsmessig måte.

Kapittel 5

«JA!» ELLER «NEI!» TIL *EIT JA?*

5.1 Innleiing

I handsaminga av spørsmålet om kor vidt *Eit ja* er dekkande som undervisningsmateriale ved dåp av unge vaksne, så har eg vald å først og fremst fokusere på innhaldet. I tillegg så må ein sjølvsagt ta med i berekninga at ingen lever i eit vakuum. Alle er omgjevne av kultur, tradisjon, språk, og så bortetter, og alt dette vil prega ein kvar lesar. I så måte tenkjer eg at eit ti år gammalt hefte uansett er modent for ein stilmessig revisjon om det ynskjer å nå fram til lesaren på ein positiv måte. Med tanke på dei kulturelle og samfunnsmessige endringane som har funne stad sidan *Eit ja* kom ut første gongen, så vil heftet vere modent for ein revisjon uavhengig av om teologi og lære skulle være god og tenleg.

Men ut frå mine undersøkingar så har heftet vist seg å ikkje innehalda god og tenleg teologi og lære, sett i lys av luthersk dåpsteologi slik vi finn den i vedkjenningsskriftene åt Dnk. Om ein tek dei drøftingane eg har gjort i denne oppgåva til etterretning, så vert det klart at *Eit ja* ikkje berre treng ei stilmessig oppdatering, men og faktisk ei grundig korrigering av den teologien som ligg til grunn for undervisninga. *Eit ja* er, som tidlegare nemnt, det einaste undervisningsmaterialet i sitt slag i Noreg i dag, og eg vil uttrykke meg så sterkt som å seie at ikkje berre er det forsvarleg å nytte så mykje tid og ressursar på å drøfte dette vesle heftet, eg vil og hevde at det er tvingande nødvendig.

5.1.1 Oppsummering av arbeidet

Som eg tok opp allereie i innleiingskapittelet, så skuldar kyrkja å gje dåpskandidaten ei god og dekkande dåpsopplæring. Den norske kyrkja driv for tida på med å implementere ei ny trusopplæringsreform som vil vere ei god hjelp i dette arbeidet. I tillegg har ho ein lang tradisjon med konfirmantundervisning. Dette er i høgste grad dåpsopplæring, og sjølv om den ikkje er eit tilbod til alle vaksendåpskandidatar, så får i alle fall dei om lag 1400 konfirmantane som kvart år vert døypte i løpet av konfirmanttida ta del i denne, og får her ei grundigare opplæring enn noko hefte kan gje. Men likevel nyttar altså mange kyrkjelydar *Eit ja* i samband med dåpsopplæring både av konfirmantar og andre unge vaksne, noko som tyder på at heftet fyller eit behov.

Leer-Salvesen nyttar fleire stader i *Eit ja* uttrykket «å bli Guds barn i dåpen». I dåpsliturgien til Dnk, like etter sjølve dåpshandlinga, seier liturgen til den døypte, at Gud har no gjort deg til sitt barn. Leer-Salvesen synes ikkje å legga det same i dette uttrykket som

Dnk gjer, og eg meiner at ein må få på det reine kva han då legg i uttrykket. Sidan *Eit ja* vert nytta til opplæring i Dnk, må innhaldet i heftet nødvendigvis stemme overeins med det Dnk lærer, og det har eg sett spørsmålsteikn ved om det gjer.

I arbeidet med dette har eg først teke føre meg vedkjenningsskriftene åt Dnk og sett på kva desse seier om dåpen. Det er vanskeleg å summera opp fem så ulike skrifter, men det går i alle fall an å seie noko om kva som ligg til grunn for den klassisk lutherske dāpsteologien slik vi finn den i vedkjenningsskriftene åt Dnk. Luther viste oss korleis Guds nåde er knytt opp til dåpen men er uavhengig av oss. Han skilde sterkt mellom lov og evangelium og peika på at den som handlar, både i dåpen og i nåden, er Gud. Lova er given oss som hjelp, evangeliet som redning, og det er evangeliet om Guds nåde som ber oss i møte med liv og død.

Dernest har eg teke føre meg *Eit ja* og analysert heftet grundig, med mål om å svara på korleis Leer-Salvesen forstår uttrykket «å bli Guds barn i dåpen». I dette arbeidet har eg kome over mykje som ein kan, og bør, setja spørsmålsteikn ved i *Eit ja*. Men eg har berre fokusert på det som kan relaterast direkte til det overordna spørsmålet. Måten han behandler individ i møte med fellesskap på, korleis han nyttar Bibelen og kva bibelbruken hans fortel om skiftsyn og gudsbilete, samt korleis han nyttar men ikkje forklarar teologisk tungt meiningsberande ord, fortel oss noko om korleis han ser på den døypte og relasjonen hans eller hennar til Gud.

Til sist i oppgåva har eg drøfta dei innvendingane eg i kapittel tre fann til *Eit ja*, samt sagt noko om dei stilmessige utfordringa som fylgjer med eit ti år gammalt undervisningshefte. Eg har vist at sjølv om heftet i liten grad er layoutmessig hensiktsmessig, så er dette noko som ganske enkelt kan rettast på. Når det gjeld innhaldet i heftet så har eg større innvendingar, og desse har ikkje har like enkle løysingar.

5.1.2 Metodistisk dāpsteologi

Og her kjem eg tilbake til det som var utgangspunktet for heile denne oppgåva. Korleis forstår Leer-Salvesen uttrykket «å bli Guds barn i dåpen»? Og er *Eit ja* dekkande som undervisningsmateriale ved undervisning om dåp for unge vaksne? Dette kan me svara på ved å nøste opp i kvar me kan plassere Leer-Salvesen i det teologiske landskapet og deretter sjå på om heftet møter dei faktiske innhaldsmessige og teologiske forventningane som kyrkjelydane har til *Eit ja* som det som kan møta behovet deira for eit dekkande og tenleg undervisningsmateriale om dåp.

5.1.3 Guds barn i dåpen

Ut frå språket han nyttar når han omtalar dåpen, vil eg altså, slik eg har vist i drøftingskapittelet, meine at ein kan seie at Leer-Salvesen presenterer eit dåpssyn som trekker i retning av Zwingli. Han ser dåpen som ei åndeleg hending, avheng av vår tru, og ikkje ei konkret endring i vesensforhold oss og Gud imellom. Å kalle han baptist er å dra det for langt, men eg meiner at eg har belegg for å seie at det dåpssynet han legg for dagen i *Eit ja*, i det at han omtalar forholdet vårt til Gud som om me allereie er Guds barn før me vert døypt, og at det er difor me vert døypt, fell under det metodistiske dåpssynet. *Eit ja* presenterer altså eit dåpssyn som stirr mot klassisk luthersk dåpsteologi slik vi finn den i vedkjenningsskriftene å Dnk.

5.1.4 Er Eit ja dekkande som undervisningsmateriale ved undervisning om dåp for unge vaksne?

Slik eg har lese og forstått *Eit ja*, og også drøfta innhaldet i dette heftet med henblikk på om det stemmer over eins med klassisk luthersk dåpsteologi, må eg svare på kor vidt det er dekkande i to omgangar. Først vil eg ta føre meg disposisjonen og deretter innhaldet.

Kapittelinnndelinga i *Eit ja* viser at Leer-Salvesen har hatt som mål å ta føre seg mange av dei viktige tema i kristentrua og i livet som døypt. Forholdet mellom den døypte og kyrkjelyden, mellom den døypte og Gud, det valet ein skal ta og kva det fører med seg, kva dåpen gjer og gir, osb. Så eg vil hevde at Leer-Salvesen har ein god disposisjon for undervisninga, i det at han set seg føre å røra ved fleire store tema i den kristne læra. Det er god framdrift i temaskifta hans, og det at han presenterer dei forskjellelege ledda i dåpsliturgien som ei slags overskrift for undervisninga i kvart kapittel gjer at det er lett å henge med i desse. Diverre stemmer ikkje nødvendigvis innhaldet i kapitla til overskrifta, noko som til tider verkar forvirrande.

Sett frå eit klassisk luthersk synspunkt, så har *Eit ja* store teologiske bristar. Det har eit særsvakt sakramentsyn, og vedkjennings- og etterfølgingsperspektivet er så godt som ikkje-eksisterande. Ein kan vera ueinige om kva som er nødvendig å ha med i eit lite hefte som er mynta på undervisning om dåp, og ein kan ha ulike oppfatningar om vektlegging av undervisningsmaterialet. Men alle konfesjonar vil halde fast på at det teologiske innhaldet må stemmer overeins med læregrunnlaget deira. Så korleis kan den som skal undervise om dåp i Dnk kunna gjere seg nytte av eit undervisningshefte som legg fram ein annan dåpsteologi enn den som Dnk står for?

Etter mi oppfatning er dette *Eit ja* sitt svakaste punkt. Når ein ser heftet som eit heile i lys av luthersk dåpsteologi, så er ikkje innhaldet berre snevert, det lærer og til tider vrangt om

kjernepunkta i luthersk teologi slik vi finn dei i vedkjenningsskriftene åt Dnk, nemleg nåden og Guds handlingar mot oss i dåpen.

Kan ein då seie at *Eit ja* er dekkande og tenleg som undervisningsmateriale ved undervisning om dåp for unge vaksne? Om ein ser på disposisjonen, altså kapitteloversikta, så vil ein kunne seie at desse ni tema til saman tek opp det aller nødvendigaste ein treng å kjenna til før ein skal ta valet om kor vidt ein ynskjer å verta døypt. Men når ein deretter ser på innhaldet i undervisninga, så er denne ikkje berre utydeleg og unnvikande, den er og til tider vrang. Den utelet element som det vert lagt stor vekt på i luthersk teologi, og forflatar innhaldet i den kristne trua med mål om å gjera den meir lettfordøyeleg. Eg vil dermed hevde at *Eit ja* ikkje er verken dekkande eller tenleg som undervisningsmateriale ved undervisning om dåp for unge vaksne då det ikkje tek opp den breidda av tema som overskriftene lovar, og heller ikkje framstiller verken dåpen eller dåpstteologien i henhold til vedkjenningsskriftene åt Dnk.

5.1.5 *Når Leer-Salvesen målet sitt?*

Leer-Salvesen har i *Eit ja* sitert heile teksten til dåpsliturgien for vaksendåp i Dnk, og i så måte nådd målet han sette seg i innleiingskapittelet om å gjere dåpsliturgien tilgjengeleg for dåpskandidaten. Ein kunne tenkje seg at når Leer-Salvesen har vald å dele opp liturgien og nytta dei ulike delane av den på forskjelle stader gjennom heftet, så kunne han med fordel ha nytta litt meir plass til konkret forklaring eller utdjuping av elementa i liturgien, og i så måte kan ein argumentere for at sjølve presentasjonen av dåpsliturgien med fordel kunne vore fyldigare. Men når det gjeld undervisninga, så held han akkurat det han lova i innleiinga, nemleg å dele nokre av tankane sine om dåpen og den kristne trua.

5.1.6 *Mogeleg vidareføring av dette arbeidet*

Eg har allereie påpeika at *Eit ja* av fleire grunnar treng ein grundig revisjon, og eg vil difor presentere det som eg med basis i mine eigne undersøkingar meiner at burde gjerast annleis i arbeidet med eit nytt tilsvarande hefte. Lat meg også her nemne at i tillegg til dei indre aspekta, så er det og eit ytre aspekt som sterkt talar for å lage eit nytt undervisningshefte for denne målgruppa, og det er Dnk sin nye dåpsliturgi.

Eit ja nyttar dåpsliturgien for vaksne og eldre born av 1997, men Dnk innførte i 2012 ein ny dåpsliturgi i samband med den store liturgireforma som no er på gang i kyrkja. Mykje er likt som i dåpsliturgien av 1997, men noko er endra. Difor vil ikkje dåpskandidatane lenger møta den dåpsliturgien dei blir presenter for i *Eit ja* i gudstenesta der dei skal verta døypte. Då forsvinn tryggleiken og gjenkjenningselementet og gjer møtet med dåpsgudstenesta sin

liturgi meir forvirrande enn nødvendig. Om undervisninga skal bygge på dåpsliturgien, og det meiner eg at det er gode grunnar for at den kan, så tenkjer eg at den nødvendigvis må bygga på den dåpsliturgien som til ei kvar tid er i bruk.

Alle som ynskjer dåp i Dnk har krav på opplæring og undervisning. Då treng kateketar, prestar og andre medarbeidrarar som gjev dåpsundervisning eit godt undervisningsmateriale å ta utgangspunkt i. Ved dåp av innvandrarar gjev den vesle boka *INN i Guds familie*²⁰¹ eit undervisningsopplegg som er spesielt tilpassa denne målgruppa, og dette har ord på seg å fungere godt til formålet.

Derimot er *Eit ja* det einaste materialet som Dnk har tilgang til for å dekke behovet for målgruppetilpassa undervisningsmateriale mynta på unge vaksne. Og i og med at det er så pass mange unge vaksne, hovudsakleg konfirmantar, som vert døypte kvart år, så er behovet for godt undervisningsmateriale presserande.

Heldigvis vil det i dei fleste tilfelle førekoma anna undervisning i tillegg, noko som er bra i og med at eg i denne oppgåva har vist at *Eit ja* ikkje er dekkande som einaste undervisningsmateriale i denne samanhengen. For i tillegg til at det har store teologiske brestar, så manglar hefte fylde og er etter mi meining for lite knytt opp til gudstenesta og kyrkjhistoria, og er også fattigare enn det hadde trengt å vera, i det at det ikkje nyttar noko av rikdomen i dei mange kyrkjhistorisk viktige tekstane.

Likevel så vert *Eit ja* altså nytta mykje og i mange kyrkjelydar rundt om i landet. Ein kan kommentere at det vitnar om eit litt lavt teologisk ambisjonsnivå i den daglege drifta i Dnk at ingen har stilt spørsmålsteikn ved innhaldet i *Eit ja* før no. Kanskje er det av di undervisarane i god tru stoler på materialet frå IKO, kanskje er det i tidsnødens ånd. Eller så har ein kanskje opplevd heftet slik eg opplevde det fyrste gongen eg la det til grunn for eiga undervisning om dåp, nemleg at det i grunnen berre er overskriftene som er matnyttige i undervisningssamanheng.

Eg vonar at det siste er grunnen, og at undervisarane instinktivt har reagert på innhaldet og redigert det undervegs, slik eg også gjorde. Enn så lenge har *Eit ja* dekka behovet²⁰² for undervisningsmateriale, men poenget med denne vesle utgreiinga er å vise at behovet for noko nytt og betre²⁰³, noko lettfatteleg, kort og konsist, er der.

²⁰¹ Sakseid, *INN i Guds familie*.

²⁰² I praksis, om ikkje teologisk.

²⁰³ Og forhåpentlegvis betrakteleg klårare, meir gjennomtenkt og tydelegare luthersk!

Difor anbefaler eg på det sterkeste at det no blir laga eit nytt hefte som kan fylle dette behovet på ein betre måte enn det *Eit ja* gjer. Eg vil ikkje her ta på meg å laga noko slikt, men på bakgrunn av arbeidet mitt her vil eg gjerne koma med eit eksempel på korleis eg ville anbefala at ein la opp arbeidet med eit slikt hefte.

Som eg peika på i drøftingskapittelet mitt, så har eg fire hovudinnvendingar mot teologien i *Eit ja*. Dei går på fellesskapstanken, bibelsyn, bruken av dei teologiske kjerneordna, og det at Leer-Salvesen omtalar dåpen som eit teikn og ikkje noko konkret nyskapande. Alle desse fire hovudtema bør takast grundig til etterretning ved arbeidet med eit nytt undervisningshefte, og om ein berre får desse på styr slik at Luther sin tanke om nåden i dåpen kjem tydeleg fram. Då kan ein gjerne nytte Leer-Salvesen sin disposisjon, vinkling og undervisningsstil. For det er Guds nåde som vi får ta imot i dåpen, som etter mi mening må ligga til grunn for dåpsundervisninga i Dnk.

I den samanheng ser eg meg igjen nøydd til kort å kommentere layouten i *Eit ja*. I samband med dåpsundervisning så har eg vist heftet til ungdomar i ungdomskulealder, og det er gjennomgåande at heftet ikkje klarer å fange interessa deira. Desse ungdomane er Leer-Salvesen si målgruppe, og når dei legg bort heftet utan å gjere meir enn å blafre igjennom det, er det for meg eit tydeleg teikn på at ikkje berre innhaldet, men også layouten må oppdaterast i eit eventuelt nytt hefte, om me skal ha som mål å fenge ungdomen si interesse og slik kunne nå inn til dei med undervisninga om dåpen og Guds nåde.

Som eg og har sagt tidlegare i oppgåva, så synes eg at Leer-Salvesen har ein god disposisjon for dåpsundervisning av unge vaksne. Den må sjølv sagt tilpassast liturgien i hovudgudstenesta slik den er no etter gudstenestereforma, med dei fem hovuddelane samling, ordet, forbøn, nattverd og sending. Om ein legg desse fem som grunnlag for kapitla i heftet, så får ein dekka alt innhaldet i alle delane i gudstenesta, og gjer på den måten lesaren kjend med gudstenesta slik at han eller ho er førebudd på kva som møter ein når ein kjem til kyrkjes. Så tenkjer eg at der vil vere hensiktsmessig å ta spesielt føre seg delen om dåpen, og utdjupe denne. Slik eg ser det bør ein og nytte både nyare og eldre tekstar og bøner frå den store kristne arven, med det mål å gje lesaren eit breiare og djupare innsyn i kva kyrkja er og står for.

Vidare trur eg det vil vera nyttig å ta føre seg livet som kristen utanfor gudstenesta. Luthersk teologi legg, som eg tidlegare i oppgåva har påpeika, stor vekt på den individuelle vedkjenninga, og har som ei fylgje av den også eit tydeleg etterfølgingsperspektiv. Dette perspektivet har vore særsvakt i *Eit ja* og bør etter mi meininga koma tydelegare fram i eit nytt hefte.

I tillegg til at all teologien som vert lagt fram i eit eventuelt hefte sjølvsagt må vere den teologien som Dnk står for og vedkjenner seg, så er dette sjølvsagt også viktig når det gjeld dåpsliturgien. Leer-Salvesen sitt mål om å gjere dåpen lettfordøyeleg og kristentrua tiltrekkande er rosverdig, men ein kan ikkje med godt samvit endre eller fjerne delar av kyrkja sin teologi der den kunne koma til å støyta nokon. Menneske har til alle tider teke anstøyt av evangeliet når Guds ord vert forkjent klårt og reint. Likevel kan evangeliet setja eit menneske fri, noko som har gjort at kyrkja har vekse i om lag 2000 år. Eg meiner ikkje med dette at ein skal presentere skremmelspropaganda. Derimot er eg her heilt einig med Leer-Salvesen sin framgangsmåte i *Eit ja*, at ein skal vise og fortelje om alt det gode som blir tilbode oss i dåpen. At ein skal fokusere på det positive, nemleg at Gud av nåde kallar oss til å verta og leva som Guds born. Ein skal ikkje snakke usant for å gjera evangeliet meir tiltrekkande, og ein skal ikkje snakke usant om dåpen for å få høgare dåpstal. Då ender ein opp med eit evangelium som ikkje er noko evangelium og døypte som ikkje får oppleva at dei lever i dåpsnåden. Eg meiner ikkje med dette at eit hefte som skulle kunna avløysa *Eit ja* skal vere ei evangeliseringsbok, for eg synes den skal vere konkret, utfyllande og god undervisnings om dåpen og kva dåpen er. Men i dåpen ligg heile evangeliet om Guds nåde og frelsa i Kristus, og denne er det eit slikt hefte skal gi til lesaren.

5.2 «Ja!» eller «Nei!» til *Eit ja*?

Men tilbake til hovudmålet med oppgåva, nemleg drøftinga om kor vidt *Eit ja* er dekkande som undervisningsmateriale ved undervisning om dåp for unge vaksne? Eg ser det at *Eit ja* sin dåpsteologi ikkje stemmer overeins med luthersk dåpsteologi slik vi finn den i vedkjenningskriftene åt Dnk, som heftet sin største svakhet. Måten eg har strukturert denne oppgåva på meiner eg har eit poeng i det at absolutt alt arbeidet vert sett i lys av Dnk sin dåpsteologi slik vi finn den i vedkjenningskriftene hennar. Ved først å presentere vedkjenningskriftene sin dåpsteologi, så har denne fått ligge til grunn for alle påfølgande drøftingar. Den har og fungert som kompass i arbeidet med å finne ut kva Leer-Salvesen *eigentleg* seier i *Eit ja*, i det at alle avvik har vorte målt opp imot vedkjenningskriftene sin dåpsteologi.

Heftet legg ikkje fram ein luthersk, men ein metodistisk dåpsteologi, det presenterer eit gudsbyte og eit skriftsyn som ikkje stemmer over eins med det Dnk vedkjenner seg, og det legg så stor vekt på fellesskapstanken at individet forsvinn i det kyrkjelege heile. I tillegg fungerer ikkje heftet lenger verken stilmessig eller kommunikasjonsmessig i den konteksten

det er meint for. Som eg har vist over så er ikkje heftet dekkande og tenleg som undervisningsmateriale ved dåp av unge vaksne, og svaret mitt må difor bli «Nei!» til *Eit ja*.

BIBLIOGRAFI

- Alfsvåg, Knut. «Hovudtrekk ved menneskesynet i Luthers Lille katekisme». I *Kirkens bekjennelse i historisk og aktuelt perspektiv: Festskrift til Kjell Olav Sannes*. Red. Torleiv Austad, Tormod Engelsviken og Lars Østnor, 123-131. Trondheim: Tapir akademisk forlag, 2010.
- Bergmann, Lorenz. *Kirke Historie: Bind 1: Indtil Reformationen. Niende ændrede udgave*, 2.oppl. København: P. Haase og Søns Forlag, 1973. Først utgitt 1908.
- Brunvoll, Arve. *Den norske kirkes bekjennelsesskrifter: Ny oversettelse med innledning og noter ved Arve Brunvoll*. Oslo: Lunde forlag, 2010. Første gang utgitt i 1972.
- Kirken, Den norske. «Dåp». Tilgjengeleg på www.konfirmant.no/dåp. Vitja 26.11.12.
- Kirken, Den norske. «Evangelisk-luthersk troslære».
<http://www.kirken.no/?event=doLink&famID=229>. Vitja 26.11.12.
- Kyrkja, Den katolske. «Articulus 2 Credimus» i *Catechismum Catholicae Ecclesiae* på internett. Tilgjengeleg på http://www.vatican.va/archive/catechism_lt/p1s1c3a2_lt.htm.
Vitja 28.11.12.
- Kyrkja, Den norske. «Velje fadrar». Tilgjengeleg på
<http://www.kirken.no/?event=doLink&famID=3125>, vitja 30.11.12.
- Gilbrant, Thoralf Red. *Studiebibelen* Vol. II. Oslo: Illustrert Bibelleksikon A/S, 1978.
- Gilbrant, Thoralf Red. *Studiebibelen* Vol. IV. Oslo: Illustrert Bibelleksikon A/S, 1981.
- Grane, Leif. *Confessio Augustana. Oversættelse med noter. Indførelse i den Lutherske Reformations hovedtanker*, 3.utg., 3.oppl. København: Gyldendal, 1976.
- Leer-Salvesen, Paul. *Eit ja*. Oslo: IKO-Forlaget, 2002.
- Leer-Salvesen, Paul. *Inn i kirken*. Aurskog: IKO-Forlaget, 1990.
- Mæland, Jens Olav, red. *Konkordieboken: Den evangelisk-lutherske kirkes bekjennelsesskrifter: ny norsk oversettelse*. 3. oppl. Oslo: Lunde, 2006. Først utgitt 1985.
- Sakseid, Geir. *Inn i Guds familie: Et studieopplegg for vaksne innvandrere som ønsker dåp*. Oslo: IKO-Forlaget, 2009.
- Schlink, Edmund. *Theology of the Lutheran Confessions*. St. Louis: Concordia Publishing House, 1961.
- Skarsaune, Oskar. *Troens ord: De tre oldkirkelige bekjennelsene*. Oslo: Luther 1997.
- Store norske leksikon. «Gamle Adam». Tilgjengeleg på http://snl.no/Gamle_Adam. Vitja 30.11.12.

Store norske leksikon. «Nåde – teologi». Tilgjengeleg på <http://snl.no/n%C3%A5de/teologi>.

Vitja 30.11.12.

Wisløff, Carl Fredrik. *Martin Luthers teologi: En innføring*. Oslo: Lunde, 1983.